HUS-13560088-10	01.08.2037	01.05.2023	2,78%	3 840 000	Startlån
KBN-20180303	27.08.2026	28.08.2023	2,23%	5 058 140	Ordinært
KLP 2021	08.12.2051	08.12.2024	1,19%	15 000 000	Ordinært
KBN-20160458	27.12.2046	23.12.2024	1,53%	5 000 000	Ordinært
KLP 2020	12.12.2050	01.11.2025	1,28%	19 333 333	Ordinært
KBN-20190591	06.12.2049	05.12.2029	2,45%	14 000 000	Ordinært
HUS-13560088-50	01.02.2038	01.05.2033	2,98%	6 463 319	Startlån
				<u>81 826 942</u>	

Sum lån 31.12.2021 : 274 837 200

Andel fastrente : 30 %

9. Garantiansvar

Garantiansvaret innbefattar garantiar for tilsette sine lån, samt øvrege garantiar som kommunen har ansvar for. Eventuelle tap på garantiar eller innfriing av garantiar vert redegjort for under, samt eventuelle verknader på seinare års budsjett/rekneskap.

Tal i kr.

Garanti gitt til	Opprinneleg garanti	Garantibeløp 31.12.21	Utløp
Tysnes Industri AS	4 250 000	2 467 700	15.12.2039
Sum garantier	4 250 000	2 467 700	

10. Avsetjinger og bruk av avsetjinger

Beløp 1000 kroner

Disposisjonsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	62 076
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr	-
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	kr	8 863
Beholdning 31.12.	kr	70 939

Bundne driftsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	10 044
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr	1 568
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondene	kr	2 357
Beholdning 31.12.	kr	10 833

Ubundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	1 193
Avsetninger til fondene	kr	3 836
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	5 029

Bundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	4 290
Avsetninger til fondene	kr	931
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	5 221

Note 1 :

I avsetjing til disposisjonsfond inngår årets overskot (MNOK 8 862)

11. Kapitalkontoen

Kapitalkontoen skildrar kor mykje kommunen har brukt av sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar. Dette kjem fram som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar.

Saldo 01.01.2021	-200 503
Auking av kapitalkonto (kreditposteringsar)	
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-59 625
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	-4 743
Kjøp av aksjar og andelar	-
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	-
Utlån	-1 995
Aktivert eigenkapitalinnskot pensjonskasse	-664
Avdrag på eksterne lån	-11 280
Auking pensjonsmidlar	-
Reduksjon pensjonsforpliktingar	-5 907
Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringsar)	
Avgang fast eigedom og anlegg	707
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	13 386
Avgang utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Avgang aksjar og andelar	-
Nedskrivning av aksjar og andelar	-
Avdrag på utlån	2 790
Avskrivning utlån	-
Reduksjon eigenkapitalinnskot pensjonskasse	-
Bruk av midlar frå eksterne lån	65 380
Reduksjon pensjonsmidlar	5 545
Reduksjon pensjonsforplikting	-38
Urealisert kurstap utenlandslån	-
Overtaking lån Tysnes Vassverk og Uggdal Vasslag	-
Saldo 31.12.2021	-196 947

12. Investeringsoversikt

Nytt mellomtrinn på Tysnes skule vart ferdigstilt til nytt skuleår 2021.

Med dette er ein milepæl i investeringsplanen gjennomført.

Utgifter i 2021 vart 62,3 mill.kr, mot eit budsjett på 65 mill.kr.

13. Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som den meirkostnad kommunen vert påført ved å produsera ei bestemt vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnader innafør kvart tenesteområde og kontrollera mot dei rettslege rammer som er gjevne. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost over tid.

VAR-området :

Beløp i kr.

2021 Etterkalkyle selvkost	Vatn	Avløp	Renovasjon	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	3 197 886	2 992 442	3 941 715	681 238	10 813 281
Øvrige driftsinntekter	52 429	6 443	6 975	1 627	67 474
Driftsinntekter	3 250 315	2 998 884	3 948 690	682 865	10 880 754
Direkte driftsutgifter	4 034 037	2 336 073	4 589 327	488 587	11 448 025
Avskrivningskostnad	183 833	611 663	0	0	795 496
Kalkulatorisk rente (1,96 %)	69 614	267 303	0	0	336 916
Indirekte netto driftsutgifter	-17 855	11 258	70 636	70 440	134 478
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	-893	563	3 532	3 522	6 724
Driftskostnader	4 268 736	3 226 859	4 663 494	562 549	12 721 639
Resultat	-1 018 421	-227 975	-714 804	120 316	-1 840 885
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidier	234 699	890 786	74 168	73 962	1 273 614
Selvkostfond 01.01	326 411	281 633	478 654	0	1 086 698
- Bruk av selvkostfond	-326 411	-227 975	-478 654	0	-1 033 040
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,96 %)	0	3 279	0	0	3 279
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	56 937	0	0	56 937
Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0	-178 125	-178 125
+ Inndekning av fremførbart underskudd	0	0	0	120 316	120 316
- Underskudd til fremføring	-692 010	0	-236 150	0	-928 160
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (1,96 %)	-3 576	0	2 372	-2 307	-3 511
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)	-695 586	0	-233 778	-60 116	-989 480
Gebyrinntekter	3 197 886	2 992 442	3 941 715	681 238	10 813 281
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	4 216 307	3 220 417	4 656 519	560 922	12 654 165
Finansiell dekningsgrad (%)	75,8 %	92,9 %	84,6 %	121,4 %	85,5 %

Byggesak og oppmåling :

2021 Etterkalkyle selvkost	Private planar	Byggesaksplanar	Oppmåling	Totalt
Gebyrinntekter	0	2 242 251	810 703	3 052 953
Øvrige driftsinntekter	0	508 621	178 284	686 905
Driftsinntekter	0	2 750 872	988 986	3 739 858
Direkte driftsutgifter	0	2 573 826	1 530 503	4 104 329
Avskrivningskostnad	0	0	18 156	18 156
Kalkulatorisk rente (1,96 %)	0	0	888	888
Indirekte netto driftsutgifter	54 130	7 992	-52 274	9 847
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	2 706	400	-2 614	492
Driftskostnader	56 836	2 582 218	1 494 659	4 133 713
Foreløpig resultat	-56 836	168 654	-505 673	-393 856
+ Subsidiering	56 836	0	505 673	562 509
Resultat	0	168 654	-0	168 654
Selvkostgrad (%)				
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidier	-0	8 392	-541 517	-533 125
Selvkostfond 01.01	0	0	0	0
+ Avsetning til selvkostfond	0	168 654	0	168 654
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	168 654	0	168 654
Gebyrinntekter	0	2 242 251	810 703	3 052 953
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	0	2 073 597	1 316 376	3 389 973
Finansiell dekningsgrad (%)	0,0 %	108,1 %	61,6 %	90,1 %

Slam :

2021 Etterkalkyle selvkost	Slamtømming
Gebyrinntekter	1 215 300
Øvrige driftsinntekter	2 884
Driftsinntekter	1 218 184
Direkte driftsutgifter	54 313
Indirekte netto driftsutgifter	82 436
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	4 122
Driftskostnader	140 871
Resultat	1 077 313
Selvkostgrad (%)	
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidier	86 558
Selvkostfond 01.01	967 343
+ Avsetning til selvkostfond	1 077 313
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,96 %)	29 457
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	2 074 114
Gebyrinntekter	1 215 300
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	137 987
Finansiell dekningsgrad (%)	880,7 %

14. Utlån

Kommunen har pr. 31.12 lånt ut tilsaman kr. 17.477.253

Utlåna er satt saman slik :

Låntakar	Beløp 31.12	Finansiering
Startlån	17 344 253	Lån frå Husbanken
Sosiallån	33 000	Eigne midlar
Næringslån Myrdal Gård	100 000	Eigne midlar
	<u>17 477 253</u>	

15. Hendingar etter balansedag

Det er ikkje registrert særlege hendingar etter balansedag som vil skape direkte verknader for rekneskapet.

Men som me veit står me oppe i ei uroleg tid i Europa, som potensielt vil kunne få både økonomiske og samfunnsmessige verknader.

ÅRSMELDING 2021

Tysnes kommune



UGGDAL, 31.03.2021

Saksnr. Dok.nr Arkivkode Avd/Sek/Saksh Dykkar ref.
19/93 001 TK//STDAL

ÅRSMELDING 2021

Innhald

0. INNLEIING	5
1. ØKONOMI	6
<i>Drift - bevilgning</i>	9
<i>Investering – økonomisk oversiktonomisk oversikt</i>	11
2. PERSONAL OG ORGANISASJON	16
2.1 Styringsstruktur.....	16
2.2 Organisasjonsdemografi	18
2.3 Likestilling, inkludering og mangfald.....	18
2.4 Sjukefråvær	24
2.5 Arbeidsmiljø og HMT.....	26

2.6 Rekruttering	27
2.7 Etikk.....	28
POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN.....	29
3.1. Politikk og samfunnsutvikling	29
3.2 Prosjekt	33
3.3 Digitalisering.....	36
3.4 Planarbeid	37
3.5 Internkontroll og statlege tilsyn	38
4. TENESTEOMRÅDA	41
4.1 Sentraladministrasjonen	41
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta	41
4.1.2 Val.....	43
4.1.2 IT.....	43
4.1.3 Innkjøp	44
4.1.4 Eigedomsskatt	44
4.1.5 Fast eigedom	45
4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap	45
4.1.7 Klima og energi.....	45
4.1.8 Økonomi og løn	46
4.1.9 Næring og reiseliv.....	46
4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv.....	47
4.1.11 Bibliotek.....	54
4.1.13 Tysneshallen	56

4.2 Oppvekst	56
4.2.1 Grunnskule	56
4.2.1.1 IT	57
4.2.1.2 Onarheim skule	57
4.2.1.3 Uggdal skule	58
4.2.1.4 SFO	59
4.2.1.5 Tysnes skule.....	60
4.2.2 PPT.....	61
4.2.3 Logoped	61
4.2.4 Synspedagog	61
4.2.4 Blå skule.....	62
4.2.7 Vaksenopplæring	68
4.2.8 Kulturskulen.....	69
4.2.7 Barnehagar	70
4.2.8 Barn og familie	74
4.3 Helse og sosial	80
4.3.2 Helseavdelinga.....	80
4.3.2.1 Psykisk helse	81
4.3.2.2 Legekantor	83
4.3.2.3 Legevakt.....	83
4.3.2.4 Fysioterapi.....	84
4.3.2.5 Ergoterapi.....	85
4.3.3 Pleie- og omsorg	86

4.3.3.1 Institusjon.....	86
4.3.3.2 Open omsorg.....	88
4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma.....	91
4.3.4 NAV og flyktningtenesta	93
4.4 Landbruk og teknisk	95
4.4.1 Eining for forvaltning	95
4.4.1.1 Byggjesak.....	95
4.4.1.2 Kart og oppmåling	97
4.4.2 Eining for brann og redning.....	99
4.4.2.1 Brann og redningsteneste.....	99
4.4.2.2 Drift og vedlikehald	101
5. AVSLUTNING.....	103

0. INNLEIING

Kjære lesar!

Tida er atter ein gong komen for at me skal gjera opp ein status for året som no ligg bak oss. Å skildre dette på best mogleg måte i ei årsmelding der spalteplassen er avgrensa inneber at me sjeldan klarer å yta dei ulike avdelingane full rettferd, men me gjer så godt me kan. Årsmeldinga er delt i tre delar. I første delen går me gjennom økonomiske hovudtal for drifta, her viser me elles til rekneskapen for 2021 som naturleg nok gjev eit betre bilete i saka. I andre del går me gjennom personal og organisasjon, her har me også med område som skal rapporterast mellom anna i høve til likestilling og etikk. I del tre går me gjennom politikk, plan, utvikling og internkontroll. Del fire av meldinga er ei skildring av aktivitet innanfor den einskilde eining eller fagområde som ikkje er omfatta av dei innleiande kapitla.

2021 har igjen vore eit år som har vore prega av Korona. Det er gjort ein formidabel innsats med ulik oppfølging av dette, her er det naturleg å ta med ein formidabel innsats knytt til vaksinerings både mellom eigne tilsett og frå friviljuge. Me ser også at avdelingar i ulik grad vert utfordra av ein situasjon der det er høgt sjukefråvær og der utviklingsarbeid er vanskelegare enn normalt som følgje av at me ikkje har kunna møtast som normalt. Våren 2022 synest me å vera over den verste kneikja, det er ikkje tvil om at keikja har vore tung for dei fleste!

Med ei visse om at me er klar for nye utfordringar frametter vil rådmannen ynskja god lesing og takka tilsette, innbyggjarar og folkevalde for eit godt samarbeid i året som no ligg bak oss. God lesing!

Steinar Dalland
rådmann

1. ØKONOMI

Me vil her kort visa dei økonomiske hovudoversiktene, for meir detaljar knytt til økonomi viser me til rekneskapen og elles til gjennomgang av drifta vidare i årsmeldinga her.

Drift økonomisk oversikt

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
Tal i 1000 kroner				
Rammetilskot	-105 760	-117 662	-114 362	-111 559
Inntekts- og formuesskatt	-125 323	-101 748	-101 748	-94 663
Eigedomsskatt	-10 484	-10 500	-10 500	-10 757
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	- 5 883	-8 988	-8 988	-19 868
Overføringer og tilskot frå andre	-44 120	-22 710	-22 710	-42 095
Brukarbetaling	-11 940	-12 893	-12 893	-9 832
Sals- og leigeinntekter	-26 508	-25 553	-25 553	-24 654
Sum driftsinntekter	-330 019	-300 053	-296 753	-313 428

DRIFTSUTGIFTER	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
Tal i 1000 kroner				
Lønsutgifter	165 289	157 487	157 487	155 822
Sosiale utgifter	35 264	39 896	39 896	31 922
Kjøp av varer og tenester	87 657	69 801	66 501	75 736
Overføringer og tilskot til andre	20 155	15 640	15 640	17 232
Avskrivning	13 386	12 417	12 417	11 917
Sum driftsutgifter	321 750	295 242	291 942	292 628
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-8 268	-4 811	-4 811	-20 800

Skatteinntangen har vore god dei siste åra, med 2019 som eit rekordår med ei innbetaling på 116 % av landsgjennomsnittet før utjamning. I 2021 vart det eit nytt rekordår med ein skatteinntang tilsvarande 118 % av landsgjennomsnittet. I praksis betyr det isolert sett om lag kr. 23,5 mill i meirinntekter opp mot budsjett, men her får me eit trekk i rammetilskot grunna den gode skatteinntongen tilsvarande kr. 11,9 mill. Sett under eitt gjev det ein netto inntektsauke tilsvarande om lag kr. 11,7 mill.

Det er elles å merkja seg at kommunen fekk ei ekstra utbetaling frå KLP premiefond tilsvarande om lag kr. 19,6 mill, dette vert vist som ei inntekt, men skal utgiftsførast i drifta. Dette gjev såleis relativt høge avvik opp mot opphavleg budsjett både på inntekter og utgifter.

Løn og sosiale kostnader utgjer 62 % av dei totale kostnadane. Dersom me justerer for innleige for erstatning av eigenprod 69 %. For å kunne ivareta ein sunn økonomi framover er det essensielt å ha kontroll på desse kostnadane.

FINANS - INNTEKT OG UTGIFTER Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
Renteinntekter	-1 111	-943	-943	-1 593
Utbytte	-478	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	3 468	3 387	3 387	3 856
Avdrag på lån	9 459	10 463	10 463	28 944
Netto finansutgifter	11 338	12 906	12 906	31 207
Motpost avskrivning	-13 386	-12 417	-12 417	-11 917
Netto driftsresultat	-10 317	-4 321	-4 321	-1 510
Netto driftsresultat i %	3,1 %	1,4 %	1,5 %	0,5 %

Netto driftsresultat før disponering vart 10,3 mill.kr (3,1 %). Resultatet er vesentleg betre enn føresett som følge av høgare inntekter enn budsjettert.

Disponering eller dekking av netto driftsresultat. Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Regulert budsjett 2020	Oppr. budsjett 2020	Rekneskap 2019
Overføring til investering	664	750	750	760
Netto avsetning eller bruk av bundne driftsfond	789	-775	-775	2 248
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	8 863	4 346	4 346	-1 499
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	10 317	4 321	4 321	1 510

Netto driftsresultat på 10, 317 mill.kr. består av finansiering av egenkapitalinnskott KLP (0,664 mill.kr), netto overføring til bundne driftsfond (0,789 mill.kr) samt netto avsetjing/bruk av ulike disposisjonsfond (9,735 mill.kr)

Drift - bevilgning

Bevilgningsoversikt drift				
Tysnes kommune 2021				
Tal i 1000 kroner	Tal i 1000 kr			
	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
DRIFTSINNEKTER				
Rammetilskott	-105 760	-117 662	-114 362	-111 559
Inntekt- og formuesskatt	-125 323	-101 748	-101 748	-94 663
Eigedomsskatt	-10 484	-10 500	-10 500	-10 757
Andre generelle driftsinntekter	-5 883	-8 988	-8 988	-19 868
Sum generelle driftsinntekter	-247 449	-238 898	-235 598	-236 847

DRIFTSUTGIFTER				
Sum bevilgning drift, netto	225 795	221 670	218 370	204 131
Avskrivning	13 386	12 417	12 417	11 917
Sum netto driftsutgifter	239 181	234 087	230 787	216 047
Brutto driftresultat	-8 268	-4 811	-4 811	-20 800
Tal i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2021</i>	<i>Regulert budsjett 2021</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2021</i>	<i>Rekneskap 2020</i>
Renteinntekter	-1 111	-943	-943	-1 593
Utbytte	-478	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	3 468	3 387	3 387	3 856
Avdrag på lån	9 459	10 463	10 463	28 944
Netto finansutgifter	11 338	12 906	12 906	31 207
Motpost avskrivning	-13 386	-12 417	-12 417	-11 917
Netto driftsresultat	-10 317	-4 321	-4 321	-1 510
<i>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</i>				
<i>Overføring til investering</i>	664	750	750	760
<i>Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond</i>	789	-775	-775	2 248
<i>Netto avsetning til eller bruk av disposisjonsfond</i>	9 735	4 346	4 346	-1 499
<i>Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat</i>	11 189	4 321	4 321	1 510

Investering – økonomisk oversikt

Økonomisk oversikt - Investering				
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Opprinneleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
Investering i varige driftsmidler	81 337	97 239	97 239	60 033
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	737
Investering i aksjer og deler i selskap	664	750	750	760
Utlån av egne midlar	1 995	0	0	455
Avdrag på lån	1 821	0	0	1 816
Sum investeringsutgifter	85 818	97 989	97 989	63 802
Kompensasjon for meirverdiavgift	-15 655	-18 238	-18 238	-9 562
Tilskot frå andre	-2 100	-1 856	-1 856	-12 132
Sal av varige driftsmidler	-4 033	-2 500	-2 500	-1 060
Sal av finansielle driftsmidler	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	-75
Motteke avdrag på utlån av egne midlar	-2 753	0	0	-2 246
Bruk av lån	-65 380	-74 645	-74 645	-38 387
Sum investeringsinntekter	-89 921	-97 239	-97 239	-63 462
Vidareutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0

Motteke avdrag på vidareutlån	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift	-664	-750	-750	-760
Netto avsetning til eller bruk av bundne investeringsfond	931	0	0	430
Netto avsetning til eller bruk av ubundne investeringsfond	3 836	0	0	-10
Dekking av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	4 103	-750	-750	-340
<i>Framført til inndekking i seinare år (udekkede beløp)</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Balanseregnskapet			
Tysnes kommune 2021			
Tall i 1000 kroner		<i>Rekneskap 2021</i>	<i>Rekneskap 2020</i>
EIGEDLAR			
A. ANLEGGSMIDLAR			
I.Varige driftsmidler			
	Faste eigedommar og anlegg	439 520	390 851
	Utstyr, maskiner og transportmidler	9 178	7 573

II. Finansielle anleggsmidler			
	Aksjar og andelar	11 365	10 700
	Obligasjoner	0	0
	Utlån	17 477	18 272
III.Immaterielle egedeler		0	0
IV.Pensjonsmidlar		361 679	367 225
Sum anleggsmidler		839 219	794 621
B. OMLØPSMIDLAR			
I.Bankinnskudd og kontanter		106 213	92 997
II.Finansielle omløpsmidler			
	Aksjer og andeler	0	0
	Obligasjoner	0	0
	Sertifikat	0	0
	Derivat	0	0
III.Kortsiktige fordringer			
	Kundefordringer	3 285	4 375
	Andre kortsiktige fordringer	20 767	13 959
	Premieavvik	10 498	18 583
Sum omløpsmidlar		140 764	129 913
Sum egedelar		979 983	924 534
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. EIGENKAPITAL			
I.Eigenkapital drift			
	Disposisjonsfond	-70 939	-62 076
	Bundne driftsfond	-10 833	-10 044

	Meirforbruk i driftsrekneskap	0	0
II.Eigenkapital investering			
	Ubundne investeringsfond	-5 029	-1 193
	Bundne investeringsfond	-5 221	-4 290
III. Anna egenkapital			
	Kapitalkonto	-196 947	-200 503
	Prinsippendring som påverkar arbeidskapital drift	173	173
	Prinsippendring som påverkar arbeidskapital investering	0	0
Sum egenkapital		-288 796	-277 932
D.LANGSIKTIG GJELD			
I.Lån			
	Gjeld til kredittinstitusjonar	-274 837	-221 118
	Obligasjonslån	0	0
	Sertifikatlån	0	0
II.Pensjonsforplikting		-373 923	-379 869
Sum langsiktig gjeld		-648 760	-600 986
E.KORTSIKTIG GJELD			
I.Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	-9 412	-14 913
	Likviditetslån	0	0
	Derivat	0	0
	Anna kortsiktig gjeld	-33 015	-30 703
	Premieavvik	0	0
Sum kortsiktig gjeld		-42 427	-45 616

Sum egenkapital og gjeld	-979 983	-924 534
	-	-
MEMORIAKONTI:		
Ubrukte lånemidler	6 488	6 868
Andre memoriakonti	1 081	269
Motkonto for memoriakonti	-7 569	-7 137
Sum memoriakonti	0	0

2. PERSONAL OG ORGANISASJON

2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2021

Strategisk leiing er samansett av rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjef helse- og sosial, kommunalsjef oppvekst, økonomisjef og prosjektsjef. Forutan fellestenesta og stab, rapporterer forvaltning, drift og vedlikehald, og brann til rådmannen. Stillinga som ass.rådmann vart oppretta i 2021 og tiltredd i september d.å.

Skular, barnehage og eining for barn og familie, rapporterer til kommunalsjef oppvekst.

Institusjonar, open omsorg, helse, frivilligsentralen og NAV rapporterer til kommunalsjef helse- og oppvekst.

2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalderen for tilsatte i Tysnes kommune er for tida 43 år. 65 av dei tilsette er 55 år og eldre. Det betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera fleire nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang dei siste åra og at gjennomsnittsalderen har bevegde seg nedover.

Gode rekrutteringsprosessar og kloke val kan føra til at ei naudsynt fornying i personalgruppa går fint. Me ser også at det er svært ønskeleg å halda på den kompetansen seniorane våre har. Tysnes kommune er positiv til å vurdere overgang til avtalar om pensjonistløn der det kan vere mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevarpolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar.

2.3 Likestilling, inkludering og mangfald


Tysnes kommune er den største arbeidsgjevarer i kommunen med om lag 362 tilsette fordelt på 264 årsverk. Likestilling og mangfald er grunnlaget for å levere gode velferdstenester og sikre eit godt arbeidsmiljø. Ambisjonen om å vere ein inkluderande organisasjon er eit viktig verdival for Tysnes kommune.

2021 har framleis handtering av covid-19 stilt store krav til kommunen som arbeidsgjevar, både med omsyn til nye oppgåver og ein uføreseieleg bemanningssituasjon innan fleire tenester. Kommunen har også opplevd store endringar i rammevilkår for å utføre oppgåver og levere tenester. For ein del av kommunen sine einingar har det ført til at planlagde satsingsområde med meir langsiktig perspektiv har kome i skuggen av akutte oppgåver. Kommunen som arbeidsgjevar har halde fram digital samhandling og oppfølging, når fysiske møter ikkje har vore tilrådd eller mogleg. Dette har påverka mange deler av arbeidsgjevarområdet, også oppfølging av likestilling, inkludering og mangfald.

Heiltidskultur og livsfaseorientert personalpolitikk

I 2021 arbeidde til saman 44 prosent av alle tilsette i Tysnes kommune i 100 prosent stilling. Denne delen har auka frå 39 prosent året før. 53 prosent av alle mannlege tilsette i Tysnes kommune jobba heiltid, medan 42 prosent av alle kvinnelege tilsette jobba heiltid. Det er vanskeleg å skilja mellom frivillig og ufrivillig deltidsarbeid, men ein vesentleg del av dette er frivillig deltid.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for menn er 67 prosent, medan det for kvinner er 75 prosent. Ei forklaring på at stillingsstorleiken for menn er lågare, kan vere at brannmannskapet utgjer ei stor del av den mannlige tilsettgruppa og har ei deltidstilling på 2,5 prosent.



Tala er henta frå PAI - statistikkpakken.

Det er skilnader mellom dei ulike tenesteområda når det gjeld heiltidsdel og gjennomsnittleg stillingsstorleik. Den lågaste delen i 2021 var innan samferdsel og teknikk, der delen tilsette som jobba i 100 prosent, var på 25 prosent, og gjennomsnittleg stillingsstorleik er 26 prosent. HELSE?

Av dei 170 stillingane innan helse og omsorg, er 43 av desse heiltid og 127 deltid. I prosent utgjer det 25 prosent heiltid og 75 prosent deltid. Gjennomsnittleg stillingsstorleik innan helse og omsorg er 61 prosent. Dette er noko lågare heiltidsprosent enn ønskjeleg, men likevel ein oppgang frå 2020. I 2020 utgjorde delen av deltid 78 prosent og gjennomsnittleg stillingsprosent var 56 prosent i sektoren . Desse tala er henta frå PAI (SSB) sin statistikkpakke og tek ikkje høgde for at tilsette kan ha fleire stillingar innan same sektoren og såleis ha ei samla

stillingsstorleik på 100 prosent. Tilsette kan imidlertid ha fleire stillingar innan sektoren, dette ser me til dømes i Open omsorg. Her har tilsette i to deltidsstillingar dersom vedkommande har arbeidsplass innan heimetenester i vekedagane og arbeidshelg i heimesjukepleie. På statistikken vil det vise to deltidsstillinga, medan med å slå desse stillingane saman utgjer ein heil stilling.

I ein rapport me tok ut frå lønsprogrammet i desember 2021, slo me saman desse deltidsstillingane og fekk ein heiltidsandel på 35 prosent. I dette talet er tilsette som eig ei full stilling, men av ulike årsaker ikkje brukar heile stillinga, registrert som deltidsstilling. Heiltidsprosenten ville difor vore høgare om utrekninga var teke med utgangspunkt i stillingsheimar.

Prosjektet «100 prosent» starta opp hausten 2018 og også vore arbeidd aktivt med i 2020. Prosjektet har som målsetjing å auke heiltidsandelen innan helse og omsorg, primært på Tysnes omsorgssenter og i Open omsorg som er omfatta av prosjektet. Ein sterk heiltidskultur vil gje betre tenester for brukarane og betre arbeidstilhøve for medarbeidarane, i tillegg betre rammer for leiarane. Det er grunnar til å tru at effekten av prosjektet vil i større grad vise seg ved rapportering frå 2022 og framover.

Tysnes kommune har ein livsfaseorientert personalpolitikk gjennom retningsline for livsfasepolitikk og seniorpolitiske retningsline. Dette inneber at personalpolitikken skal vere tilpassa dei behova tilsette har i alle fasar av yrkeslivet. Behova kan vere knytt til jobb, familie, fritid og livssituasjon. Det er viktig å ha fokus på dette og retningslinene vil bli revidert i løpet av kommande år. Det er etablert eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod, og retningslinene skal drøftast med desse.

Kjønnslikestilling

Tysnes kommune har målsetting å oppnå ei jamnare kjønnsfordeling innanfor dei ulike verksemds- og tenesteområda.

Tabellen under viser at det i Tysnes kommune var 79 prosent kvinner og 21 prosent menn i 2021. Dei største tenesteområda, helse/sosial og oppvekst, hadde begge ein svært høg kvinnedel (91 og 84 prosent). Tenesteområdet teknisk sektor skil seg ut frå resten av tenesteområda med tydeleg hovudvekt på menn, medan det i sentraladministrasjonen er nokså jamt fordelt.

Tjenesteområde	Andel kvinner i prosent	Andel menn i prosent
Sentraladministrasjon	47	53
Oppvekst	84	16

Helse og omsorg	91	9
Teknisk sektor	34	66
Tysnes kommune samla	79	21

Kjønnsfordeling i ulike stillingsgrupper

Tabellen under viser kjønnsfordeling for dei ulike stillingsgruppene pr årsverk for 2021, samanlikna med 2020.

Nr	Stillingsgrupper	2020		2021	
		Andel kvinner i prosent	Andel menn i prosent	Andel kvinner i prosent	Andel menn i prosent
1	Stilling utan særskilt krav til utdanning	20	5	18	2
2	Fagarbeiderstilling	17	4	20	5
3	Stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning	13	2	14	2
4	Stilling med krav om høgskuleutdanning med ytterlegare spesialutdanning	14	3	16	3
5	Leiarar i kap. 4	6	2	3	1
6	Stillingar i kap. 5	3	3	3	3

7	Mellomleiar, kap. 3.4.3	-	-	3	-
8	Einingsleiarar, kap. 3.4.2	3	2	3	2
9	Strategisk leiargruppe, kap. 3.4.1	1	1	1	2

Lønsfordeling mellom kvinner og menn i ulike stillingsgrupper

Tilsette i Tysnes kommune er lønte etter reglane i hovudtariffavtalen (HTA) i kommunal sektor. Om lag 85 prosent av dei tilsette har stilling med hovudsakleg sentral lønsdanning (HTA kapittel 4) og løn i samsvar med KS garantiløn for dei ulike stillingsgruppene og ansiennitetstrinna. Dette gjeld gruppe 1, 2, 3, 4 og 5 i modellen over.

For tilsette i leiarstilling (gruppe 7, 8 og 9), samt tilsette i gruppe 6, blir løna fastset etter lokale forhandlingar. I 2021 vart leiarar som tidlegare var direkteplassert i kapittel 4, flytta over til kapittel 3. Det vil sei at dei får løna si justert lokalt.

Ved lønsfastsetjing skal det takast omsyn til kompetansen og ansvaret til den enkelte og kompleksitet i stillinga. Likeløn er eit tema som årleg blir drøfta før og under forhandlingane. Likeløn er òg ein del av vurderingsgrunnlaget til arbeidsgjevar, og er ein del av arbeidsgjevarstrategien gjennom lønspolitiske plan.

Nr	Stillingsgrupper	2021	
		Månadsforteneste kvinner	Månadsforteneste menn
1	Stilling utan særskilt krav til utdanning	34 649	32 577
2	Fagarbeiderstilling	39 469	42 250
3	Stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning	43 747	45 333

4	Stilling med krav om høgskuleutdanning med ytterlegare spesialutdanning	49 960	47 999
5	Leiarar i kap. 4	49 686	47 701
6	Stillingar i kap. 5	59 367	59 775
7	Mellomleiar, kap. 3.4.3	48 462	-
8	Einingsleiarar, kap. 3.4.2	60 521	55 598
9	Strategisk leiargruppe, kap. 3.4.1	71 592	74 296

Tabell: Lønsfordeling pr stillingsgruppe fordelt på kvinner og menn

Tabellen under viser samanlikning av månadsforteneste for kvinner i prosent av menn si løn, for perioden 2018-2021. Generelt ligg kvinner sin månadsforteneste noko lågare enn tilsvarende tal for menn. Dersom me samanliknar stillingar med same stillingskode er løna i realiteten lik.

Justert for	2019	2020	2021
	Kvinner sin månadsforteneste i prosent av menn si forteneste	Kvinner sin månadsforteneste i prosent av menn si forteneste	Kvinner sin månadsforteneste i prosent av menn si forteneste
Ujustert	86,4	93,8	88,7
Alder	86,4	93,8	88,7
Stillingsgruppe	97,4	101,4	99,4

Stillingskode	99,6	99,2	99,9
Utdanning	100,9	97,8	95,8


Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert nytta kvotering.

2.4 Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ein oppgang i 2021 frå året før, og me er framleis eit stykke frå målsettinga vår om eit samla nærvær på 96 %.

Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær	2019	2020	2021
Samla fråvær	9,0 %	8,47 %	9,47 %
Andel korttidsfråvær	30,1 %	32 %	36,1 %
Andel langtidsfråvær	69,9 %	67 %	63,9 %

Sjukefråværet i 2021 viser ein samla oppgang på 1 prosent. Fråværet stig på dei fleste områda, med unntak av oppvekstområdet, som har ein liten nedgang frå 2020. Den største oppgangen er i sentraladministrasjonen og på landbruk og teknisk. Her har sjukefråværet stige med 3,7 prosent sidan 2019, medan innan landbruk teknisk har ein stigning på heile 6,5 prosent i same periode. Fråværet innan landbruk og teknisk og sentraladministrasjonen, kan ha samband med at det er einingar med relativt få årsverk samanlikna med ei andre områda. Desse områda vil difor i større grad verte påverka av variasjonar. Me må også peika på at både 2020 og 2021 har vore spesielle år då særskilt korttidsfråværet har gått opp som følge av krav til smittevern. Dersom me samanliknar med tala frå 2019 så er tal for eigenmeldt fråvær auka rundt 108 % medan langtidsfråværet i same periode er gått ned med 4,1 %. Me har von om at det betyr at fråværet no etter at dei verste tiltaka er over vil stabilisera seg på eit lågare nivå frametter.



Statistikk for samla sjukefråvær i sektoren er ikkje klart enda, men Tysnes kommune har dei tidlegare åra låge under. Tal frå SSB viser til eit rekordhøgt sjukefråvær det siste halvåret av 2021 – det høgaste som har vore registrert på 10 år. Samfunnet har vore prega av utbrotet av korona sidan starten av 2020. Sjukefråværet åra før har vore meir stabile utan store variasjonar gjennom året. Dette endra seg i 2020 med variert sjukefråvær, medan det i 2021 har vore ein jamn vekt i sjukefråværsprosenten (ref. SSB).

I Tysnes kommune har fråværsprosenten på legemeldt fråvær vore jamn dei tre fyrste kvartala, men hatt ei stigning i fjerde kvartal frå 7 prosent til 10,7 prosent. Det tyder at utfordringane i kommunen er nokså likt elles i landet, og har mest truleg samanheng med korona.

I 2021 har til saman fire tilsette teke ut heilt eller delvis uførepensjon, det vil sei at det er langtidsfråvær som har nådd maksdato. I same periode er det registrert ein person som har blitt friskmeldt etter ein periode med uførepensjon.

I 2020 var sjukefråværet i kommunal sektor på 8,9 %. Dette talet er høgare enn både privat sektor og sjukehusa. Fråværet varierer mellom dei ulike sektorane. Sjukefråværet er høgast innan helse- og omsorgssektoren og i barnehagar, enn administrasjon og teknisk sektor. Endringar i tal på årsverk i dei ulike sektorane har påverknad på utviklinga i det samla, gjennomsnittlege sjukefråværsnivået. Demografisk utvikling og politisk prioriteringar har dei siste åra gjeve ein sterk årsverksvekst i sektorane med høgt sjukefråvær relativt til sektorane med lavt sjukefråvær. Desse prosessane trekk i retning av ei auke i sjukefråværet, sjølv om sjukefråværet i kvar sektor ikkje vert endra.

Det samla sjukefråværet hadde ei positiv utvikling frå fram til 2017 og me nærma oss målsettinga om eit samla nærvær på 96 %. Fråværsprosenten frå 2019 og fram til 2021 gjev oss imidlertid nokre utfordringar med å nå denne målsettinga. Me må framleis halde fram med å setje i verk tiltak på kvar eining for korleis me skal auke nærværsprosenten.

Samla sett er sjukefråværet altfor høgt, men me skal også ha med oss at mange også er friske. Dei aller friskaste svarar for noko over 24 prosent av dei tilsette utan ein einaste fråværsdag, medan om lag 57,8 prosent har ein fråværsprosent under 4 prosent (ref. måtalet om 96 prosent nærvær).

Det er framleis viktig å ha fokus på det lange fråværet, ettersom det korte fråværet er stabilt og moderat i samanlikning. Me må sikre at det vert vurdert tilrettelegging og tilpassing for tilsette. Det er samstundes viktig å få vurdert om det er særskilte arbeidsmiljøfaktorane som også slår ut for denne gruppa. Medarbeidarundersøkinga 10-faktor vil truleg gje positiv påverknad på arbeidsmiljøet og kan såleis påverke nærværsprosenten.

2.5 Arbeidsmiljø og HMT

Sidan mars 2020 har koronapandemien sett sitt preg på arbeidskvardagen til tilsette i Tysnes kommune til liks med resten av landet. Starten på 2021 var ikkje noko unntak, og sjølv om smittetrykket ikkje har vore krevjande i denne perioden, så har nasjonale tiltak og føringar kravd stor grad av fleksibilitet og uthald hos tilsette. Mange tilsette til dømes i omsorgstenesta, skular og barnehagar, har stått på til det beste for brukarane sine. Oppfølging av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø under restriksjonar og krav om trafikklysmodellen har hatt stor merksemd og leiarane har gjort ein god jobb med å sikre at tilsette vert ivareteke. Det er krav til risikovurdering og arbeidsplassane har jobba med kontinuitetsplanar. Den enkelte arbeidsplass har vore nøydd for å tilpassa tiltak til eigen arbeidskvardag og risiko.

Tysnes kommune si IK-handbok vart revidert og handsama i Arbeidsmiljøutvalet i mai 2021. Leiarane er orientert om den oppdaterte IK-handboka og den er tilgjengeleggjort for tilsette på intranett. Det er vidare gjort val om eit kvalitetssystem, Compilo, som skal ivareta kommunen sine retningslinjer, rutinar og avvikshandtering. Implementeringa av Compilo vert arbeidd vidare med i 2022.

Den lovpålagt HMS-opplæringa av vernetenesta og leiarar, vart gjennomført som e-læring. Det er imidlertid planlagt eit internkurs for alle leiarar og nye verneombod våren 2022. Vidare vert det lagt opp til eit oppfriskingskurs i HMS til leiarar 2.kvart år.

Det har lenge vore planlagt å gjennomføra medarbeidarundersøking for heile kommunen. Dette arbeidet vart starta opp tidleg i 2021 og prosjektplanen vart vedteke i AMU, 10.05.21. Me har hatt ekstern kurshaldar frå KS, som har hatt opplæring med leiarane gjennom tre samlingar. Undersøkinga vart rulla ut i oktober og hadde ein svarprosent på 80 %. Einingane arbeidar framover med å utarbeide handlingsplanar for kvar arbeidsplass.

2.6 Rekruttering

Per 1.desember 2021 var det totalt 362 tilsette fordelt på 264 årsverk i Tysnes kommune. Tala inkluderer fast tilsette, vikarar, lærlingar og tilsette som er løn i permisjon. I tillegg kjem tilsette som er innleigd frå vikarbyrå.

Totalt er det 67 nye ressursar på lønslistene i desember, 24 av desse har fast stilling medan resten er tilkallingsvikarar, tilsette som er på arbeidspraksis og ferievikarar.

Turnover, målt som endring i tilsettgruppe frå 1. desember eitt år til 1. desember neste år, er relativt lav i Tysnes kommune. Dersom me ser gjennomsnitt i prosent åra 2018 til 2021, er endringane klart størst i tilsettgrupper utan krav til utdanning. Her er turnover 25,1 prosent i perioden, tilsvarende tal for fagutdanna er 10,9 prosent. For tilsette i høgskulegruppa (sjukepleiarar, vernepleiarar, sosionomar med vidare) er turnover 8,5 prosent. Det er ein nedgang med 1,5 prosent frå året før. Tala er dei som av ulike grunnar vel å slutte i verksemda, eller går av med pensjon. Den klart største avgangen i Tysnes kommune er for dei som går av med pensjon.

Det er elles positivt å merkja seg at det i tilsettgrupper utan krav til utdanning er ein kvalifiseringsprosent på 4 prosent i løpet av året. Det betyr at fire prosent av tilsette utan formell kompetanse har tileigna seg kompetanse som fører til ny stillingskode.

Lærlingar

Tysnes kommune har lærlingplassar i helsefagarbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Kommunen si forvaltning av lærlingordninga vert teke hand om av etatane, i samarbeid med personalavdeling. I 2021 vart det vedteke av administrasjonsutvalet å auke lærlingplassar i tråd med KS sine måltal. KS sine måltal byggjer på kommunestorleik, og ut frå desse tala skal Tysnes kommune ha 6 læreplassar.

I 2021 lykkast me ikkje med å få lærlingar innan helse- og omsorg, men me fekk fire lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Det vert vurdert å tilby lærlingplass innan kontor og byggdriftarfaget framover, og ein startar opp med prosessen å verte godkjent som lærebedrift innan desse områda.

2.7 Etikk

Etiske retningslinjer for Tysnes kommune vart rullert av Kommunestyre i september 2020, saman med varslingsrutina. I samband med denne rulleringa har personalavdelinga fylgt dette opp gjennom informasjon på utvida leiarmøte og oppmoda til at desse retningslinjene vert tema på personalmøte i kvar eining.

Fokus på etiske retningslinjer er også ein del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i verksemda. Det vert elles arbeid med etisk refleksjon i høve til personal- og avdelingsmøter. Dei ulike arbeidsplassane varetek dette litt ulikt, nokre avdelingar har etikk som eit fast punkt på møter, medan andre legg opp til å gjera det til eit større tema på einskilde møter med case. Barnehagane plar å ha etikk som eit av hovudtema på planleggingsdagane i august, då dette er månaden med flest nytilsette.

Det er vidare eit viktig etisk arbeid knytt til informasjonsarbeid og medvit i korleis me handsamar brukarinformasjon. Arbeidet har fått auka fokus i samband med innføring av personvernforordninga (GDPR). I 2019 vart arbeidet med tilpassing til nytt regelverk vidareført, og det vart også gjennomført leiarsamlingar der GDPR har vore tema. Databehandlaravtaler er teikna og fylgt opp, det er også gjort noko arkivmessige grep for å ivareta betre kontroll over desse.

Det er organisert fellesmøte mellom arkivtenester i nærområde for å ha særskilt fokus på GDPR og arkivarbeid. Arkivplanen er oppdatert på ein del viktige punkt og det vart gjort førebuingar til tilsyn med Arkivverket. Dette vart planlagt med gjennomføring i 2020, men vart utsett til 2021. I 2021 held ein fram med det gode arbeidet og gjer forbetringar som vert påpeika i tilsyn. Det skal samstundes sendast saksmapper til eksternt arkiv og det vert ein stor ryddejobb i dette høve. Det gjeld saksarkiv i perioden 1996-2015.


Arbeid med å sikra brukarane våre eit god personvern og ivareta den generelle informasjonstryggleiken i verksemda er viktig og vil ha vidare fokus i året me no er inne i.

POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2020 slik:



Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanstående tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval for 2017 -2021:

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyre	72	54	75	85	50
Formannskap	92	97	87	116	94
Tenesteutval	33	24	37	35	31
Landbruk/teknisk/Utval for landbruk/teknisk	144	127	103	81	92
Administrasjonsutval	14	14	9	15	10
Arbeidsmiljøutval	7	21	18	13	17
ⁱ Eldreråd/Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsetjing	4	5	3	3	4
Ungdomsråd	35	34	-	1	4
Sakkunnig nemnd	8	2	4	9	7
Sakkunnig ankenemnd	3	0	1	1	1
Tilsetjingsutval	58	24	63	49	46
Valstyre	9	-	15	-	9
SUM	491	413	402	408	365

Understående tabell viser dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2021.

ⁱ Eldreråd, ungdomsråd, sakkunnig nemnd og sakkunning ankenemnd er ført med 1 sak per møte

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2021	Møtedato	Sak
Kommunestyre	23. februar	Endring i barnehagevedtektene – 2021 Statlig sikring av kommunale friluftsområde Turveg – kykjevattnet – søknad om kommunal garanti Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Interkommunalt utval mot akutt forurensning – IUA – Haugesund region – reviderte inntekter Eigedomsskattevedtak 2021 Val av valstyre – Stortings- og sametingsvalet 2021 Fritak frå politiske verv
	20. mai	Årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Tysnes Kommune Tilstandsrapport for grunnskulen 2021 Barnevernreforma Lærlingar – Utviding av lærlingplassar Permisjonsreglement for Tysnes kommune – rullering 2021 Overføring av serverings- og skjenkeløyve til Kompasset Bar og spiseri AS frå Tysnes sjø- og fritid Søknad om serveringsløyve – Gårdsbutikken – Myrdal gård KS lokaldemokratiundersøking 2021
	15. juni	Årsmelding 2020 Rekneskap for Tysnes kommune 2020 Finansforvaltning – rapport – pr. 30. april 2021 Eventuell bruk av O-endingar i offisielle stadnamnformer Skulebruksplan for Tysnes – 2021 Uttale – regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 – 2027 Forskottering av spelemidlar og momsrefusjon

		<p>Forskrift om fartsgrenser på sjøen Revisjon av Va-norm for Tysnes kommune Søknad om skjenkeløyve til Haaheim Gaard på Handelsplassen EH Vaage Endring av tilbud ved Os vidaregåande og skysstilbud</p>
	21. september	<p>Tilstandsrapport – barnevern – 2021 Fritidserklæringa – organiserer fritidsaktivitet Endring av SIM sin selskapsavtale Fritak frå politiske verv Val av ungdomsråd - 2021</p>
<p>Møtet vart halde i Tysneshallen pga innføring av antalsbegrensingar og anbefaling om avstand. Det var ikkje mulig å sleppa inn tilhøyrar, men møtet sendt digitalt.</p> <p>Kulturprisen vart utdelt til Lars Petter Epland og Morten Haaland</p>	16. desember	<p>Politisk behandling – Skulebruksplan for Tysnes – perioden 2022 – 2035 Budsjett 2022 – Økonomiplan 2022 – 2025 Statsbudsjettet 2021 – Kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheitar – koronavirus Covid 19 Handsaming etter ny høyring av reguleringsplan Gnr 158, bnr. 1 m.fl. – Fiskerihamn/naustområde – Skorpo Forskottering av spelemidlar og momsrefusjon – etablering av fond Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2022 Statlig sikring av kommunale Peralio friluftsområde Tilskot til verna kulturminne i Vestland 2022 Endring av selskapsavtalen for krisesenter Vest IKS Hovedplan kommunal veg og infrastruktur 2022 – 2027 Nytt bygg – krisesenter for kvinner i Sunnhordland Tverrpolitisk utval til planarbeid og prosess – rullering av kommuneplan Reglement for fjernmøter i Tysnes kommune</p>

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

3.2 Prosjekt

Investeringsporteføljen til Tysnes kommune har i 2021 bestått av 27 små og store prosjekt. Prosjektet Tysnes skule mellomtrinn har vore det mest omfattande prosjektet gjennom året der heile prosjektet er ferdigstilt og tatt i bruk i løpet av året.

I tillegg til vedtekne investeringsprosjekt har også året vore nytta til eit omfattande arbeid med rammeavtalar. Me ser at me er heilt avhengig av rammeavtalar for å komme i mål med spesielt dei litt mindre prosjekta. Ein del av avtalane som tidlegare var gått ut er fornya og oppdaterte og det er også inngått heilt nye rammeavtalar i eit godt samarbeid med innkjøpsavdelinga.

I 2021 har administrasjonen jobba med følgjande investeringsprosjekt

Tab. 3.3. Prosjektoversyn med kommentarar til enkelte prosjekt under.

Prosjekt	2020	2021
Tysnes skule – Nytt mellomtrinn	Under arbeid	Ferdigstilt
Utvikling av området ved Tysnes omsorgssenter	Under arbeid	Under arbeid
Onarheim barnehage	Påbegynt	Under arbeid
Fortau Vågsmarka byggjefelt	Ikkje påbegynt	Under arbeid

Ny avdeling i Lunde barnehage	Påbegynt	Ferdigstilt
Kvalitetsstyringssystem	Påbegynt	Under arbeid
Brannbil - Tankbil	Påbegynt	Under arbeid
Utviding av spillvassnettet på Lande	Påbegynt	Ferdigstilt
Dagsturhytta	Påbegynt	Ferdigstilt
Utviding av biblioteket i Tysneshallen		Ferdigstilt
Solavskjerming Tysnes skule		Ikkje påbegynt
Adgangskontroll i Tysneshallen		Ferdigstilt
Rehabilitering av SFO og gymsalen ved Uggdal skule		Under arbeid
Nye kontor og ny foldevegg i rådhuset		Under arbeid
Oppgradering av dusjanlegg på Onarheim skule		Ferdigstilt
Oppgradering i IKT-infrastruktur	Ferdigstilt	Ferdigstilt
Overgang til fullelektronisk arkiv		Under arbeid
Utstyr til brannvern i brannvesenet		Ferdigstilt
Oppgradering av utstyrsparcken til reinhaldstenesta		Ferdigstilt
Tøimestasjon for avløp frå bubil, camping osv.		Under arbeid
Rullering av kommunedelplan for vassforsyning		Ikkje påbegynt
Nye SD-anlegg reinseanlegg i Våge og Uggdal		Under arbeid

Vidare kjem ein kort omtale om nokre utvalde prosjekt frå 2021.

Tysnes skule – Nytt mellomtrinn

I løpet av året er prosjektet ferdigstilt og teken i bruk. Tysnes kommune overtok fyrste del av bygget i juni og starta med møblering og flytting fram mot skulestart etter sommaren. Sidan vart uteområdet og avdeling for skuleadministrasjon og skulehelseteneste ferdigstilt utover skuleåret. Prosjektet vart fullført etter planlagde rammer, dette gjeld både økonomiske, framdriftsmessige og ikkje minst tryggleiksmessige målsettingar.

Det gode samarbeidet i heile linja har vore ein god bidragsytar til dette.

Onarheim barnehage

Plan- og designkonkurransen vart gjennomført som planlagt i 2021. Denne måten og gjennomføra konkurransar på var ein ny og inspirerande måte å jobba på for Tysnes kommune. I staden for å vurdere kva rådgjevarar som skal jobba med prosjektet basert på timepris og arbeidserfaring, leverte alle tilbydarane eit konkret prosjekt med planar og teikningar på korleis dei føreslår å løyse det. Dette har vore ein svært nyttig erfaring for oss og me arbeider vidare mot utføring av eit veldig spanande prosjekt som truleg hadde vore heilt annleis dersom me hadde løyst det med ein anna kontraktsstrategi.

Ny avdeling i Lunde barnehage

Ny avdeling i Lunde barnehage stod klar til bruk etter sommarferien. Den nye avdelinga har no to aktivitetsrom, eit spiserom med kjøken og grov- og fingarderober. Avdelinga har 24 plassar. I tillegg til å auka kapasiteten avlastar også den nye avdelinga dei andre avdelingane i barnehagen og har derfor gitt heile barnehagen eit løft.

Kvalitetsstyringssystem

Anskaffinga av eit heilskapleg kvalitetsstyringssystem for heile organisasjonen vart gjennomført og kontrakt vart signert i august. Arbeidet med tilpassingar til vår organisasjon er gjennomført, men implementeringa mot eksisterande system i Tysnes kommune har vore krevjande og systemet vart derfor ikkje rulla ut i organisasjonen som planlagt i løpet av året.

Rehabilitering av SFO og gymsalen ved Uggdal skule

Prosjektet tok sikte på gjennomføring og ferdigstilling i 2021, men det har me ikkje lukkast med. Sjølv om det økonomiske aspektet av prosjektet er relativt lite, er det komplekst i form av at mange ulike fag skal gjera arbeid ulike stades i bygningsmassen som er i dagleg bruk. Prosjektet vart ferdig planlagt med tiltak i gymsalen, SFO-avdelinga og med kontor til helsesjukepleiar og vil fortsetta med utføring i 2022.

Oppgradering og sikring av veg til Solheimsdalen

Delar av vegen til Solheimsdalen vart oppgradert med ny kantsikring langs køyrebana. Låge og dårleg kantsikring er ein utfordring på mange kommunale vegar. Under arbeidet vart det prosjektert prinsipp-teikningar for ny betongkant og rekkverk i stål som vidare vil bli nytta som standard for utbetring og etablering av nye kantsikringar. Saman med ein ny rammeavtale på rekkverksmontasje vil dette gjere at me effektivt kan intensivere arbeidet med å utbetra dårleg kantsikring andre stader langs det kommunale vegnettet.

3.3 Digitalisering

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon. Visjonen i KS sin digitale strategi er:

«Gode og tilgjengelige digitale tjenester stryker dialogen med innbyggere og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.»

2021 har vore eit år der me har teke store steg vidare i høve til det digitale grunnarbeidet. Bruk av digitale møteplattformer har blitt ein del av kvardagen og er eit godt alternativ til fysiske møter. I 2021 har me også vorte ein del av satsninga DigiVestland, her har me truleg ennå trong for å sjå korleis me kan få best nytte av dette samarbeidet.

Det er også i 2021 innført nye systemløysingar som siktar inn mot meir effektiv samhandling mot brukarane av tenestene våre, her kan me mellom anna peika på Bookup som vart innført som ei sjølvbetjent løysing for å tinga Tysneshallen med meir. Målet er at også friviljuge lag og organisasjonar skal nytta denne. Me har også ei ny løysing for kulturskulen under arbeid som me trur vil gjera samhandlinga mellom heim og skule betre! Compilo vart valt som leverandør til nytt kvalitetssystem, her er digital flyt naudsynt for å sikra betre oppfølging av avviksmeldingar. Me ser at me har utfordringar knytt til

Kommunestyre gjort hausten 2017 vedtak om å gå inn i DigiFin som er ei finansieringsordning der kommunane saman skal sikra at sektoren får ei utvikling mot meir homogene IT løysingar og der sektoren opptretr einskapleg i forhold til både andre offentlege etatar og sektorområde og ikkje minst i høve til kommunane sine IKT leverandørar. Finansieringsordninga tek sikte på å sikra mellomfinansiering til å utvikla felles

digitale komponentar til kommunesektoren. Deltaking er heilt naudsynt for å sikra at det vert utvikla nasjonale løysingar som me får høve til å ta del i.

I 2020 gjorde kommunestyre vedtak om å slutta seg til satsinga DigiVestland og dette er ein plattform me må gje større merksemd i 2021.

Me ser nok også at om me skal få full nytte av digitale løysingar som samhandlingspunkt mellom kommunen og innbyggjarane må me også investera meir tid i utvikling av kommunen sin nettstad. Her har løns- og personalkonsulent gjort eit framifrå arbeid med å gjera nettstaden meir relevant, men arbeidet skjer nok litt på trass av tildelte ressursar og ikkje på grunn av dei.

3.4 Planarbeid

I 2021 er me endeleg komne i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel. I samband med pandemien var det trong for å gje noko lengre tid for å koma med innspel til planen som følgje av at det ikkje var mogleg å gjennomføra alminnelege folkemøter. Me hadde oppe ei sak om alternativ medverknad og dette vart løyst gjennom digitale møter og opne kontordagar. Me meiner at involveringa samla sett har vore god. Dei einskilte innspela har vorte vurdert etter fastsette kriterier hausten 2020 og me er no i gang med å gå gjennom administrative tilrådingar.

Innspel har kome frå private, politiske parti, organisasjonar, næringsliv og bygdalag, alle innspel er samla inn og gått gjennom av Omega Areal som er vår konsulent i kommuneplanarbeidet. Det er innspel om bustad-seniorbustad-fritidsbustad-næringsareal- naustområder-idrettsanlegg- landbruksareal- akvakultur-masseuttak/råstoffutvinning-deponi-hamn- småbåtanlegg- campingplasser- turisme- infrastruktur- parkering mv. Alle innspela opp mot følgjande dimensjonar: Landskapsbilete-Friluftsliv/by og bygdeliv- Naturmangfald – Kulturarv- Naturressursar og Folkehelse. Saka ligg no til politisk grovsiling der alle innspel vert vurdert og det takast stilling til kva som skal vera med til neste runde, der det skal vurderast ytterligare kva konsekvens ein endring vil medføra. Når me er ferdig med grovsiling og konsekvensutgreiing vil eit planframlegg leggest ut til offentleg ettersyn.

Av større temaplanar kan det nemnast at skulebruksplanen vart rullert i meldingsåret.

Reguleringsplanane for Elsakervågen er vedteke med motsegn og sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd i departementet. Reguleringsplan for Matre fiskerihamn er vedtatte av kommunen men påklaga og er under klagehandsaming.

Det er gjennomført mindre endringar i reguleringsplan Krokjen-Lande og gjennomført fleire førebauande møter for planarbeid me vidarefører i komande år, me kan mellom anna nemna kommunedelplan for ROS i sjø saman med Austevoll kommune, plan for Leve hele livet, og oppstart av friluftslivets ferdselsårer.

Kommunedelplan for Kulturminner vart endeleg vedteken våren 2020, ein del av punkta i planen vert fylgt vidare opp gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedelplan for E39 vart endeleg vedteke i 2019 og arbeidet med reguleringsplan er no godt igang, det blir veldig interessant å følgja utviklinga her vidare gjennom åra som kjem!

3.5 Internkontroll og statlege tilsyn

Den nye kommunelova § 25-2 inneheld nye formuleringar når det gjeld rapportering av internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn der det står dette:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Rådmannen meiner at det er hensiktsmessig å følgja dette opp i årsmeldinga. For orden skuld skil me då mellom temabaserte tilsyn som er tilsyn med eit verksemdsområde og meiner at det også er relevant å vurdere statleg oppfølging av einskildssaker som ein del av ordninga med statleg tilsyn.

Temabaserte tilsyn

Det vart i januar 2021 gjennomført tilsyn med kommunen si arkivteneste. Tilsynet vart då gjennomført som eit digitalt tilsyn. Tilsynet avdekkja mindre avvik knytt til arkivplan og oppbevaring av arkiv. Desse avvika vart lukka hausten 2021.

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med kommunen sitt system for asbestsanering, tilsynet vart gjort i februar 2020. Det vart gjeve pålegg om informasjon og opplæring samt å etablere ei rutine for å kartleggja asbest ved oppdragsforhold. Pålegga vart endeleg lukka i februar 2021.

Innanfor barnehageområde gjennomfører kommunen sjølv tilsyn, dette skjer i samarbeid med regionen. Det vart i meldingsåret gjennomført tilsyn ved Lunde og Vågsmarka barnehage utan at det vart avdekt avvik her.

Kommunestyre hadde tinga forvaltningsrevisjon innanfor områda sjukefråvær og personaloppfølging, revisjonen vart gjennomført i 2021 og vil bli lagt fram for kommunestyre våren 2022

Mattilsynet har hatt tilsyn på drikkevannsbasseng i 2021. Alle avvika frå det tilsynet er ikkje lukka og vert arbeidd vidare med i 2022.

Mattilsynet hadde også tilsyn med MAKA kafè, som er ein del av vår drift av dagensenteret, det vart ikkje avdekka avvik under tilsynet.

Statsforvaltaren hadde tilsyn med barnehagar med fokus på rett til spesialpedagogisk hjelp. Det var nokre avvik knytt til dette tilsynet og det vert no arbeidd med tolking av avvik og lukking.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med drifta av open omsorg, her var det nokre avvik som me no arbeider med å lukka.

Individuelle saker

Forutan temabaserte tilsyn har kommunen også tilsyn knytt til handsaming av einskildssaker.

I 2021 har det vore tilsyn knytt til einskildssaker innanfor pleie og omsorg, legetenester og barnevern. Alle sakene vart lukka utan pålegg eller merknader.

Arbeid med internkontroll

Dei ulike tilsyna som vert gjort av statlege mynde og gjennom kontrollutvalet sitt arbeid med forvaltningsrevisjon er viktige og nyttige innspel i arbeidet med internkontroll.

Ein av dei viktigaste nyhendene innanfor arbeidet med internkontroll i 2021 er at Compilo er valt som overordna kvalitetssystem. Systemet vert ein portal for samling av interne rutinger, reglement og retningslinjer og skal også fungera som avvikssystem. Me har von om at elektronisk flyt vil sikra betre oppfølging av avvik. Systemet er lagt opp til å kunne sikra at avvik innanfor HMT, tenester og GDPR vert sendt elektronisk, dette gjev også gode løysingar for å sikra at avvik faktisk vert lukka og tilbakemeldt. Systemet inneber også betre oppfølging med omsyn til at nye rutiner og retningslinjer faktisk vert implementert på alle arbeidstader. Det er også positivt at systemet har løysingar for risikovurderingar,

vedtaksoppfølging og analyse av organisatorisk modenheit i arbeidet med internkontroll. Kvalitetsrådgjevar har ansvar for å sikra implementering og seinare bruk.

Det er også gledeleg at Tysnes kommune vart sertifisert innafør ordninga med Miljøfyrtårn i 2021. Sertifiseringa er gjort etter hovudkontormodellen og det var i denne omgang Rådhuset og biblioteket som vart sertifisert. Det ligg til rette for ei enklare sertifisering av einingane ute.

Det vart i 2021 gjennomført brukarundersøkingar innanfor SFO, skular og barnehagar. I tillegg vart KS sin 10-faktor undersøking teke i bruk på personalområdet. Kvalitetsrådgjevar arbeider no med ein eigen plan for korleis kvalitetsarbeidet skal gjennomførast i verksemda. I planen vil me sjå på korleis me skal nytta avvik som del av vårt kvalitetsarbeid, korleis me kan systematisera bruk av brukarundersøkingar innanfor alle tenesteområde, i tillegg er det ein ambisjon at me innanfor dei ulike tenesteområda skal velja ut kva indikatorar me skal leggja særleg vekt på i vårt kvalitetsarbeid. Planen vert lagt fram for kommunestyre innan utgongen av året.

Det har i 2021 særskilt vore arbeidd med internkontroll i høve til følgjande problemstillingar og saksområder:

- Barnevern – vidare oppfølging av tilsyn frå 2019.
- Teknisk drift – oppfølging av tilsyn knytt til asbesthantering, fleire tilsyn på el anlegg
- IT – bruk av e læringsprogram for å sikra betre kunnskap og trugsmål innanfor område
- Vassforsyning – oppfølging av tilsyn og sikring av IK system. Vassdragteknisk rådgjevar har hatt fleire periodiske tilsyn på dammane våre.
- Arkiv – ajourføring av arkivplan og lukking av avvik
- Pleie og omsorg – oppfølging av forvaltningsrevisjon av tenestene
- Helsestasjon og skulehelsetensta – oppfølging av forvaltningsrevisjon av tenestene
- Personal og organisasjon – gjennomgang av reglement og retningsliner innanfor personalområde, den største revisjonen i 2021 var nok ein full gjennomgang av retningsline for oppfølging av sjukemeldte.
- Brann og redning – Etablerna og utvikle rutineverk i DSB-CIM. Sikra at avvik frå DSB-CIM kjem vidare til arbeidsmiljøutvalet
- Helse, miljø og tryggleik – oppdatert IK system og miljøfyrtårnsertifisering.
- Helse – arbeid med smittevernsrutiner og rutiner for oppfølging av TISK strategien

Lista er ikkje uttømmende og det skjer fortløpande arbeid knytt til utvikling av rutinar og betre system for interkontroll på den einskilde eining. I 2020 vart Intranett utvikla vidare og me har von om at dette skal sikre betre interkommunikasjon i verksemda noko som er ein viktig føresetnad for å lukkast med systemarbeidet. Dette arbeidet har vore fylgt opp vidare i 2021.

4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenesteområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- kultur
- næring
- plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk, internkontroll, plan, IT, prosjekt og utvikling og personal.

4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

For arkivet starta året med tilsyn frå arkivverket 20. og 21. januar. Tilsynet vart halden digitalt. Interkommunal arkiv var også med på tilsynet, i lag med ulike faggrupper, i tillegg til arkivleiar og arkivansvarleg. Det vart også gjort intervju med ulike personar på dei ulike forvaltningsnivå.

Tilsynet gav oss ei god oppleving, og tilbakemeldingane frå arkivverket var konstruktive og forventa. Kommunen fekk tre pålegg, og dei var handterbare utifrå dei ressursane arkivet har til rådighet.

Det største avviket gjekk på krav til arkivlokaler som ikkje kommunen hadde oppfylt. Og for å lukka dette pålegget, var einaste mulighet å avlevera mest mulig av arkivmateriale vårt til Interkommunal arkiv. Dette er ein kontinuerlig prosess me har saman med Interkommunalt arkiv, utifrå deira kapasitet. No blei det fortgang i dette, og utover våren, i løpet av mars/april, jobba arkivpersonalet nesten utelukkande med å rydda og pakka arkiv. Det vart gjort ein stor innsats på å få dette ferdig, og på ein varm forsommardag henta Interkommunal arkiv over 100 hyllemeter med arkivmateriale, som strakk seg frå 1996 – 2015, nesten 20 år med kommunal forvaltning!

Arkivverket har lukka og godkjent alle tre avvika.

Arkivplanen blir no jamleg oppdatert, og det er lagt inn i årshjulet at den skal ha full gjennomgang årleg. Arkivplan er blitt eit godt styringsverktøy for post- og arkivarbeidet i kommune.

Arkivansvarleg utarbeider årleg handlingsplan for arkivtenesta som skal godkjennast hos rådmann.

Heimekontor har også vore den nye normalen i deler av 2021 også. I post- og arkivtenesta er dette utfordrane, så lenge alle tenestene skal oppretthaldast. Me har gått litt til og frå heimekontor, for å sikra at me alltid har ressursar på rådhuset til å handtera post, telefon og skrankefunksjonen.

Året 2021 var ikkje året for å delta på fagsamlingar og kurs, men arkivinstusjonane har vore flinke til å ha fagleg påfyll i Teams-møter. Det er ofte korte Teams-samlingar med eit spissa tema, og dette har fungert godt for vår del.

Tysnes kommune nyttar verktøy som gjer at kommunikasjon mellom samarbeidspartnarar og innbyggjarar kan gjerast digitalt, blant anna E-dialog.

Det digitale sak og arkivsystemet vårt har bestått sidan 1992, og moden for å skrifta ut. Me skal gjera denne om til historisk base, og får innstalert ny base rundt påsketider 2022. Dette blir gjort saman med It-levrandør Sikri. Me kjem også i denne prosessen til å få integrasjonar frå systema som blir nytta i skulen og barnehagane. Det vil trygga og sikra arkivet for desse instusjonane for tida framover.

Fellestenesta står ansvarleg for å tilretteleggja det praktiske rundt kommunal vigsel.

2021 blei også eit annaleis år dersom ein planla bryllupsfest. Det var likevel halden 12 vigslar i kommunal regi, mot 17 i 2020, dei fleste på Haaheim Gaard med Torstein Hatlevik som vigslar. Me har hatt to på rådhuset og ein vigsel på «privat» grunn.

4.1.2 Val

2021 var Stortings- og sametingsval i 2021. Valet vart gjennomført på ein god måte og det er gjennomført evaluering for å sikra at me kan ta med oss naudsynte læringspunkt. Me ser at me for neste val bør leggja opp til elektroniske manntal og at røystestyra bør supplerast med noko ressursar frå administrasjonen.

Som følgje av Covid måtte deler av førhandsrøystinga gjennomførast i Grendatun, dette førte med seg auka kostnader for personell og leige av lokale.

4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2021 vore stabile og med ei høg oppetid. T.d. har oppetida vore 100 % for legeserver dei fire siste åra.

I 2017 vart Tysnes Omsorgssenter ferdig, og me har hatt omsorgsteknologi i bruk i over tre år. Denne gjev oss gevinstar, men krev også noko arbeid i samband med drifta.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset/omsorgssenteret og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir brukaropplæring. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

2020 har medført at me har blitt meir digitale enn før. Møte med eksterne vert ofte gjennomført som fjernmøte på Teams, og me sparar oss då for mykje reisetid. Korona medførte at me mykje raskare fekk tilrettelagt for digitale møte. Microsoft Teams er eit program som gjer det mogeleg å ha digitale videomøte på datamaskina.

Tysnes kommune har fokus på sikkerhet innan IT. I 2021 starta me opp med eit opplæringsprogram frå Junglemap som heiter Nanolearning. Her vil brukarane motta epostar med korte og sjølvforklarande opplæringslenkjer som omhandlar ulike tema innan sikkerhet.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon. I forkant av budsjettarbeidet er det utarbeidd eit utkast til IT strategi, men me ser at det må arbeidast meir med denne før den vert lagt fram for politisk godkjenning.

4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune er knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskommune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp.

I eigen organisasjon fekk me ei endring i bemanninga ved innkjøpskontoret og me er veldig glade for at me fekk tilsett Hans Tore Brekke som ny rådgjevar innanfor innkjøp med tiltreding frå september. Stillinga har før det stått vakant i deler av året. Mot slutten av året har det vore fokus på å få på plass rammeavtaler mellom anna innanfor bygg, røyr, anleggsentreprenør, arkitettenester med vidare.

Kommunestyre har bede om at det vert lagt fram ein innkjøpsstrategi i løpet av første halvår 2022, arbeidet her er starta opp!

4.1.4 Eigedomsskatt

Dette gjev Tysnes kommune ein samla eigedomsskatt på omlag kr. 10,5 millionar for 2021

I 2021 vart arbeidet med gjennomføring av ny allmenn taksering stort sett ferdigstilt. Arbeidet førte til at det for 2022 er lagt til grunn ny takst for utstkriving. Det vart inngått ein avtale med Geomatikk AS som har medverka til fullføringa her då me hadde vakanse i stillinga tilknytt eigedomsskatt. Gjennom arbeidet har me også fått oppdatert matrikkelen noko som gjev betre kvalitet og kontroll innanfor områda knytt til byggesak og kart og oppmåling.

Det er gjort ein rammeavtale med Geomatikk AS fram i tid for å sikra naudsynt årleg vedlikehald av skattegrunnlaget.

4.1.5 Fast eigedom

Hovland bu og omsorgsenter vart i mars 2021 solgt til ein akseptabel pris. Midlane er føreslege avsett til investeringsfond med sikte på å sikra finansiering av andre aktuelle grunnkjøp slik som mellom anna bustadområde i Uggdal og Svevågen.

Det er vart i 2020 inngått leigeavtale med Mestringshusene om leige av gamle sjukeheimen, dette arbeidet har vorte fylgt opp av prosjektavdelinga og leigetilhøvet kom endeleg i gong rundt årsskifte 2020-21.

Det er gjort politisk vedtak om sal av gjennomgangsbustaden på Jensvoll, Tomyra 18. Her har saka versert i i rettssystemet etter at kommunen vant fram i Husleigetvistutvalet. Både namsmannen sitt vedtak og Husleigetvistutvalet sin dom er klaga inn og saka har vore ført både i Tingretten og Lagmannsretten. Me har nett no fått melding om at me vann fram i den nye førehavinga i Tingretten og har såleis grunn til å tru at salet let seg gjennomføra i inneverande år. Per mars 2021 er det dessverre slik at saka ennå ikkje er endeleg rettsleg avklart.

4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har hatt stort fokus i 2021 som følgje av oppfølging av pandemien, me har også starta opp arbeidet med nye overordna ROS analyse og arbeidet med ny plan for livskriser.

Når det gjeld arbeidet med oppfølging av pandemien vart det i vår utført eit omfattande arbeid der det vart laga oppdaterte kontinuitetsplanar for heile verksemda. Me ser at mykje av oppfølginga i 2021 har vore knytt til kontinuitetsplanlegging i einingane og gjennomføring av massevaksinering og testing i samsvar med TISK strategien.

4.1.7 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen.

Den kommunale byggporteføljen har også vorte meir energieffektiv ved at me ut på hausten tok i bruk nytt mellomtrinn på Tysnes skule, me har vidare lagt til grunn for effektivisering ved at me har solgt eller leigd ut eigedomar som me ikkje sjølv har drift i. Det er også gjort naudsynte vedtak for å setja i gong arbeidet med elektrifisering av kommunale bilar, ein føresetnad her er å etablere ein tilstrekkeleg ladeinfrastruktur.

Våren 2021 vart Tysnes kommune sertifisert som Miljøfyrtårn.

4.1.8 Økonomi og løn

Året 2021 vart gjennomført utan dei store endringane for avdelinga. Det er stadig fokus på forbetringar spesielt innafør elektronisk samhandling, både mot andre offentlege instansar samt mot kunde- og leverandørsida.

Økonomisjef var sjukemeldt store deler av 2.halvår, noko som reduserte mellom anna produksjon av analyser og rapporter.

4.1.9 Næring og reiseliv

I 2019 vart Tysnes Næringsråd reetablert med nytt styre. Ordføraren har arbeidd aktivt for å få dette til, rådmannen er for tida sekretær for næringsrådet. Tysnes kommune har samarbeida med næringsrådet og mellom ivareteke sekretærfunksjon frå rådet.

I løpet av 2021 har det vore fleire støttepakker til næringslivet knytt til Covid19, samla er det betalt ut rundt kr. 1 mill. i 2021.

Reiseliv

Det vart i 2021 gjort ein ny avtale om drift av turistinformasjon med Våge Hamnd. I første rekkje er det ein kortsiktig avtale med føresetnad om at næringa sjølv kjem med innspel om eventuelle endringar i konseptet. Avtalen er forlenga til og med 2021 og vert no også lengd til og med 2022.

I 2021 gjekk også Tysnes kommune inn i Visit Bergen og er no forankra i reiselivsselskap både der og i Visit Sunnhordland.

4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv

Tysnes kommune har ei stilling innanfor kultur. I 2021 har stillinga vore delt med 40% til idrett og 60% til resten av kulturfeltet, fordelt på to personar.

Sentrale oppgåver har vore innanfor felte; kontakt med frivillige lag og organisasjonar i kommunen, handsaming og utvikling av ulike tilskotsordningar, kulturminnevern, allment kulturarbeid, idrett, friluftsliv, sekretær for ungdomsrådet, reiseliv, sakshandsamingog drift av Tysneshallen.

I tillegg har kulturstillinga bidrege til arbeidet med å arrangere Seniortreff og andre tiltak for eldre i kommunen gjennom heile året. Arrangementet er gjennomført med løyvingar frå Helsedirektoratet via Statsforvaltaren i Vestland. Desse løyvingane gjekk til tiltak som skulle motverke einsemd blant eldre i kommunen. Totalt har det vore brukt rundt 1 million kroner på tiltak for eldre i Tysnes i 2021.

Arbeidet på kulturområdet har vore prega av koronapandemien som alt anna i 2021, men ein har i hovudsak klart å gjennomføre det ein hadde sett seg føre.

Tysnes ungdomsråd

Sekretærfunksjon for Tysnes ungdomsråd ligg til stillinga som kulturkonsulent.



Tysnes ungdomsråd frå hausten 2021. Frå venstre: Hans Torbjørn Lygre Kongsvik, Milena Titoka, Anna Olea Fjeldet Sunde, Stine Erstad, Tora Nødland Austvik, Hanne Sofie Brandvik, Alma Vermedal, Sander Thunold, Lars Kristoffer Meidell Alsaker.

Tysnes ungdomsråd har gjennomført ni ordinære møte i løpet av året. I tillegg har ein hatt møter i samband med arrangement. Rådet har handsama saker dei sjølve har foreslått, dei har jobba med Ungdata-undersøkinga og tiltak i samband med den og har uttalt seg i saker som har vore sendt over frå administrasjonen.

I administrasjonen er det satt i gang eit arbeid som tar sikte på å betre rutinane for å innhente uttaler frå ungdomsrådet. Det er ikkje faste rutinar for å innhente uttaler no, og det gjer at det er eit potensial for forbetring på dette området. Dette arbeidet held fram i 2022.

Før sommaren meldte tre personer at dei ikkje lengre ønskte å vere medlem i ungdomsrådet og det vart lyst etter nye medlem. Fem ungdommar søkte og vart vald inn i rådet av kommunestyret i september. Etter dette betra kjønnsamansettinga seg litt då to av dei nye medlemmane var gutter. Frå hausten 2021 har rådet hatt 11 medlemmar; tre gutar og åtte jenter.

I starten av november reiste leiar og nestleiar i Tysnes ungdomsråd og kulturkonsulenten på ungdomskonferanse i Kristiansand. Konferansen var landsdekkande og det var lærerikt å sjå og høyre korleis andre kommunar arbeidde med involvering av ungdom. På konferansen oppdaga tysnesungdommane at medlemmar i andre ungdomsråd fekk honorar for sitt arbeid. Etter ei særskild handsaming i kommuneleiinga, fekk også ungdommane frå Tysnes innført møtehonorar. Det også på denne konferansen me fekk vite at andre ungdomsråd hadde heildagsmøte og at det var vellukka der det var prøvd ut.

Det siste møtet i 2021 var derfor eit heildagsmøte. Ungdomsrådet vurderte at møta ein hadde hatt etter skuletid og før aktivitetar ikkje gav nok tid til å gå i djupna på enkeltsaker slik dei ønska. Det ga heller ikkje rom for å kunne jobbe med uttaler og gruppearbeid i sjølve møtet. Ordninga med heildagsmøte fortsett i 2022.

Sjå også årsmelding frå Tysnes ungdomsråd, som sumerar opp kva saker det har vore jobba med i 2021.

Kulturprisen

Lars Petter Epland og Morten Haaland fekk Kulturprisen for 2021. Dei tok i mot prisen i kommunestyremøtet i desember i Tysneshallen. Prisen var eit trykk til kvar av vinnarane av den lokale kunstnaren Gerhard Stoltz.

Frå grunngjevinga:

For kulturlivet på Tysnes er det samspelet mellom dei som er unikt. Lars Petter inspirerer og motiverer. Morten er den grå eminense som få kanskje legg merke til, men er den som får alt til å gli smertefritt.

Så seint som no i oktober feira Tysnes Skulekorps 40 år. Då var det atter to namn som gjekk igjen: Lars Petter Epland og Morten Haaland.

Lars Petter og Morten har i mange år vore drivkreftene i det som er det største og mest aktive kulturtilbodet for barn og unge i alle aldrar. Dei skaper aktivitet, møteplassar mellom generasjonar, og bidrar sterkt til eit mangfaldig kulturliv i Tysnes kommune.

Friluftsliv

DAGSTURHYTTA OG KYRKJEVATNET FRILUFTSOMRÅDE



Det mest tidkrevjande prosjektet innanfor område friluftsliv, har vore utvikling og etablering av friluftsområdet ved Kyrkjevattnet i Uggdal. Området vert utvikla gjennom eit samarbeid med Bergen og omland friluftsråd (BOF) og Uggdal bygdalag. Tysnes kommune har stått for oppføring av dagsturhytte, medan BOF kjem til å sette opp ei gapahuk, badebrygge og toalett i området. Bygdalaget skal byggje veg frå starten på Heningen langs vatnet fram til Dagsturhytta og BOF sitt område. Hytta kom på plass i juni og blei raskt eit turmål for tysnesingane, sjølv om den ikkje vart formelt opna i 2021. Opninga er planlagd å finne stad i mai 2022, og då med opning av turveg og BOF sitt område samstundes.

I 2020 vart det byrja eit arbeid med å kartleggje kva for friluftsområder i kommunen som var tilrettelagt for menneske med funksjonsnedsetting. Endeleg rapport vart lagt fram formannskapet i mars og det vart løyvd 100 000,- i budsjett for 2022 til utbetring av friluftsområder og tilkomstvegar.

Hausten 2021 vart det søkt om midlar til å lage ei plan for «Friluftslivets ferdselsårer». Plan for friluftslivets ferdselsårer skal identifisere, ivareta og utvikle stiar, turveger, løyper og leder som er viktige for friluftsliv. Tysnes kommune har fått kr. 60 000,- frå Vestland fylke til første halvdel av planarbeidet, og lovnad om nye 60 000,- til siste del. Det er forventa start av planarbeidet i 2022.

Forskottering av spelemidlar og mva. kompensasjon

Den nasjonale ordninga med utdeling av spelemidlar til allmenntilgjengelige føremål har eit etterslep. Frå ein får godkjent ein søknad til ein kan rekna med å få utbetalt pengane, kan det gå opp til tre år. I juni vedtok kommunestyret å opprette eit fond for forskottering av spelemidlar og momskompensasjon. Fondet skal syte for at lag og organisasjonar kjem raskare i gang med arbeidet dei har søkt om spelemidlar til. Fondet skal byggjast opp frå 2022-2025 og er på 5 mill. kronar. Første søknad om forskottering vart motteke frå Uggdal bygdelag i 2021, og kjem til utbetaling i 2022.

Ein oppnådde også å få eit vedtak i kommunestyret på å søkje om statleg sikring av den kommunale eigedommen i friluftsområdet i Peralio. Søknad sendast innan fristen i januar 2022 og ein ventar svar frå Miljødirektoratet innan 2022/2023. Eit statleg sikra område gjev høve til å søkje om statlege midlar til utvikling av området.

Kommunen er medlem av BOF og betaler ein fast sum pr. innbyggjar i kontingent. BOF skjøttar ti friluftsområder og fire parkeringsplasser i kommunen. Parkeringsplassane er i tilknytning til turløypar i Tysnesfjella.

Allment kulturarbeid

I 2020 vart kriteria for tilskot til allment kulturarbeid revidert og eit nytt tilskot for nærmiljøtiltak innført. I 2021 vart det for første gang delt ut tilskot etter dei nye reglane, kr. 150 000,- i allmenne kulturmidlar fordelt på ni lag, og kr. 100 000,- i tilskot til nærmiljøtiltak fordelt på 13 lag.

I tillegg vart det, som vanleg, delt ut kulturmidlar på kr. 160 000,- og kr. 100 000,- til kjøp av dirigenttimar frå Kulturskulen, til eit kor og dei tre korpsa i kommunen. Kr. 150 000,- vart fordelt på åtte idrettslag.

Som følge av Covid19 vart det ikkje gjennomført ei full Tysnesfest i 2021, men ei nedskalert versjon kalla «Tysnesfest-isj». Minifestivalen vart gjennomført ei helg i juli og var eit kjærkome og populært arrangement midt i ferie og korona-tid. Kommunen gjorde vedtak om at Tysnesfest fekk støtte som vanleg.

Kommunestyret vedtok i september å slutte seg til Fritidserklæringa, som forpliktar kommunen sjølv i samarbeid med frivilligheita, å jobbe aktivt for at alle barn og unge i Tysnes kommune får høve til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet. Det vart satt av kr. 100 000,- i budsjett for 2022 til oppfølging av fritidserklæringa.

Grendatun kino har i praksis ikkje vore i drift under pandemien. Hausten 2021, handsama formannskapet nye vilkår for driftstilskotet. Tilskotet vart auka og samstundes fekk ein inn tilbod om både skulekino og eldre kino i vilkåra. Ein håpar kinoen kjem i normal gjenge i løpet av 2022.

KULTURBUSSANE

Hausten 2021 kom den første kulturbussen til kommunen, medan den andre blir levert i byrjinga av 2022. Kulturbussane er 9-setarar som skal brukast til å frakte elevar til undervisningstilbod utanfor barnehage og skule. Som følge av eit dårleg utbygd kollektivtilbod, er det vanskeleg og dyrt for skuler og barnehagar å ha undervisning andre stader. Ein håpar bussane vil gjere det lettare for våre born og unge og kome seg ut.



Kulturbussane kan også leigast av lag og organisasjonar til reise til kampar, framsyningar, stevne og anna. Leasing av kulturbussane er eit proveprosjekt over to år. Ein evaluering i etterkant vil vise om ein kan forsvare kostandane i høve til bruken.

Geopark Sunnhordland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har jobba med Geopark-prosjektet sidan 2018 og oppnådde i 2019 status som Norsk Geopark. I 2021 fekk Tysnes kommune søknad om støtte til å jobbe med ei søknad om å få status som UNESCO Global Geopark. Ein UNESCO-geopark er eit definert område med geologi av global verdi og med ein strategi for berekraftig utvikling. For å oppnå status som UNESCO-geopark må ein kunne vise til unik

geologi på verdsbasis, og korleis denne har påverka kulturen i området. Eit område som vert godkjent som UNESCO-geopark, kan bruke UNESCO-logoen i marknadsføringa. Tysnes kommune vedtok å støtte søknaden om tilskot til arbeidet med UNESCO-søknad.

Kulturvern



Det gamle båtbyggjeriet i Åsvågen i Tysnes, er eit spesielt kulturminne. Her står utstyr, skantar og halvmodellar og pryder veggene i dei gamle bygga og vitnar om båtbygging i fleire generasjonar.

Tysnes kommune har eit tilskot til kulturminne på kr. 100 000,-. Søknadar som kom inn i november 2020, er gjenstand for vidare handsaming av tilskot for 2021 hjå Vestland fylke.

TILSKOT FRÅ VESTLAND FYLKE

I 2021 fekk Tysnes kommune kr. 130 000,- i tilskot til verna kulturminne. Båtbyggjeriet i Åsvågen fekk kr. 50 000,- til restaurering av det gamle maskinhuset, Midtkverna på Myklestad fekk kr. 50 000,- til restaurering av tak og kvernstein og Rekkjetunet på Færavåg fekk kr. 30 000,- i tilskot til vøling av tunet.

Det vart søkt om støtte til fire kulturminne i 2021; Sagen på Hope, Limbua på Laukhamar, Rekkjetunet på Færavåg og Fiskeskøyta Lenda. Alle fekk støtte frå den kommunal ordninga, men berre søknadane frå Sagen, Limbua og Rekkjetunet vert sendt vidare til den fylkeskommunale tilskotsordninga i 2022. Fartøy kjem ikkje inn under denne ordninga.

Kommunedelplan for kulturminner vedteken våren 2020, og arbeidet med å følge den opp fortsette i 2021. Noko av det ein spesielt har sett på er formidling av kulturminne. Store tavler med mykje tekst og bilete er dyre å produsere og vanskeleg å endre og oppdatere. I budsjett for 2022 vart

det derfor løyva kr. 100 000,- til å produsere QR-kode-skilt som skal plasserast ut på kulturminne i kommunen. Desse peikar til ei nettside med informasjon om kulturminnet, samt bilete, video og lydopptak om det finnast. Prosjektet startar formelt opp i 2022.

Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. Bygningsvernkonsulenten ved museet vert nytta til rådgjeving i samband med restaureringsplanar, det vart gjennomført synfaringar saman med museet i 2021.

4.1.11 Bibliotek

Biblioteket var i tilnærma normal drift heile 2021. Sjølv om besøket varierte i takt med restriksjonane var utlånet stabilt bra gjennom heile året. Me enda totalt på 6423 fyrstegongslån. Utlånet av bøker er truleg det høgaste nokosinne. Tendensen dei siste åra har vore ei markant auke i utlånet av litteratur for barn, samstundes som at utlånet av litteratur for vaksne går ned. Denne tendensen finn ein også i den nasjonale utlånsstatistikkenⁱⁱ.

Me hadde eit besøkstal på 2438 i opningstida og 841 i meirope.

Tab. 4.xxx	Fyrstegongslån	Fornyingar	Totalt
Faglitteratur barn	738	97	835
Skjønnlitteratur barn	3069	500	3569
Faglitteratur vaksne	527	122	649
Skjønnlitteratur vaksne	1479	409	1888
Lydbøker barn	124	18	142
Lydbøker vaksne	65	10	75
Tidsskrift/ufordelt	233	40	273
Fjernlån sendt	188		188

ⁱⁱ <https://www.medienorge.uib.no/statistikk/medium/boker/152>

Totalt utlån:	6423	1196	7619
----------------------	-------------	-------------	-------------

Tab 4 xx - Fjernlån			
Fjernlån mottatt	116		116*
Bøker utlånt til Stord/Fitjar	3500		3500*

Me får ikkje brukbar statistikk på e-bøker og e-lydbøker for 2021. Biblioteket er del av eit konsortium som administrerast av Vestland fylkeskommune, der me i 2021 betalte inn 5 % av mediebudsjettet vårtⁱⁱⁱ. I august fekk me ny versjon av utlånsløysinga BookBites. Dette avgrensa moglegheitene for å hente ut statistikk, og me har mista eit viktig styringsverktøy.

Det er ikkje lenger mogleg å skaffe nye lydbøker på CD eller noko anna fysisk format. Erstatninga er e-bøker som kan lesast eller lyttast til i BookBites - ein app på telefon eller nettbrett. Dessverre er mange titlar utilgjengelege og berre å finne på forlaga sine eigne abonnementsstenester som Storytel og Fabel. Det er von om at ein ny boklov vil gjere slutt på denne praksisen^{iv}.

Me deltok i eit pilotprosjektet med den tidlegare bokbåten Epos. Her skulle Vegard Markhus og *Naboen min* spele for barnehageborn og skuleelevar ved Onarheim skule. Dessverre sette eit lokalt smitteutbrot ein stoppar for dette arrangementet. Arrangementa med Dag Jørund Lønning og Sveinung Økland og Otto Erslund vart også utsett/avlyst. Derfor vart eit føredrag med Simen Sætre, om oppdrettslaksens historie, det einaste arrangementet på biblioteket dette året.

Biblioteket sitt nye spelrom hadde offisiell opning i slutten av november 2021, i samband med opninga vart det også arrangert LAN for ungdomar i samarbeid med Psykisk helse og Frivilligsentralen. Prosjektet forutan kommunal finansiering også tilskott på kr. 100 000 av Tysnes Kraftlag AS og kr. 40 000 av Vestland fylkeskommune.

ⁱⁱⁱ Auka til 6 % + 1 kr. per innbyggjar i 2022.

^{iv} <https://www.regjeringen.no/contentassets/cb0adb6c6fee428caa81bd5b339501b0/hurdalsplattformen.pdf>

Det vart gjort vedtak om etablering av Minibibliotek på Onartun, dette vart opna i mars i år. Kommunen fekk kr. 170 000 i støttet til prosjektet frå Vestland fylkeskommune. Det er så vidt me kjenner til einaste av sin type i Vestland fylke.

Biblioteket har også fått kr. 30 000 frå Nasjonalbiblioteket for oppsøkjande biblioteksverksemd, men tiltaket er utsett til 2022 som følge av smittevernomsyn.

4.1.13 Tysneshallen

Det er trong for gjennomgang av IK system, plassering av ansvar og betre oppfølging av inntektene i Tysneshallen. Me er i gang med dette arbeidet no og har von om at samarbeidet kring Tysneshallen vert ennå betre i åra som kjem.

I 2021 tok kommunen i bruk eit digital løysing for å gjera tinging av Tysneshallen enklare.

4.2 Oppvekst

I Tysnes kommune har me 3 grunnskular og 4 barnehagar som alle er kommunale. Dei 2 skulane med småskuletrinn har SFO-tilbod. Inn under skuletilbodet har me kulturskule og vaksenopplæring. I tillegg består oppvekst av Barn og familie, der me har jordmor, helsestasjon/skulehelseteneste, psykisk helse for barn og unge og barnevernteneste.

4.2.1 Grunnskule

Til forskjell frå tidlegare tider, der me hadde skular rundt om i alle grender, har me no 3 skular att, Onarheim skule 1.-7. skule, Uggdal skule 1.-4. skule og Tysnes skule 5.-10. skule. Elevtalet har auka dei siste åra frå rundt 300 elevar til ca. 325 elevar. Elevtalet er i 2021 om lag det same som førre år.

I 2021 vart skulebruksplanen revidert. Vedtaket vart Alternativ 3 i framlegget til Skulebruksplan: *Samanslåing av Tysnes og Uggdal skular. Onarheim består som i dag. Dei naudsynte investeringane skal prioriterast i dei årlege budsjetta og økonomiplan*

Målet for skulane er:

Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske.

Skulane har hatt fokus på Fagfornyninga og leiarutvikling. Alle har jobba med Generell del av læreplanen og fagplanane. Til dette arbeidet har me fått OU-midlar frå KS, så her har me fått god drahjelp til innføring av ny læreplan, LK20. Udir har og gode hjelpemiddel til å jobba med planen i personalet. Dette arbeidet har me satsa på gjennom dei 3 siste åra. Sjølv om arbeidet med Fagfornyninga vil halda fram, dreier me no vinklinga av samarbeidet med KS-konsulent til å omfatta heile Oppvekstreforma.

Alle skulane vart Olweus-sertifiserte i 2020, og driv eit godt anti-mobbearbeid. Det krev mykje ressursar saman med anna utviklingsarbeid, men det har vore eit prioritert område på skulane, noko som igjen vil gje rom for eit godt og trygt læringsmiljø. Dette arbeidet held fram, sjølv om satsinga vert noko nedjustert for å få plass til nye utviklingsområde.

Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis er eit satsingsområde som grip inn i arbeidet til alle skular og barnehagar. Her er det starta eit arbeid med nokre av kommunane i Sunnhordland og PPT, saman med høgskulen Vestlandet.

4.2.1.1 IT

2021 har vore prega av arbeid med tryggleik og sikring av brukarar og grupper i Office365 samt førebuing til bruk av Intunes og Pilot for å sikre arbeidet med styring og kontroll av PC`ar til pedagogisk personale i skular og barnehagar. Det er og jobba med å finna alternativ program for infoskjermar. Programmet me brukar har ein høg brukarterskel. Konklusjonane var likevel at dette var beste programmet. Me har arbeid med nettverk- omstrukturering i samband med nybygg og tryggleik. Dette arbeidet held fram også i 2022.

Det er utvida sjølvservice i Visma for føresette med "søknad". Grunna permisjon er denne funksjonen ikkje aktivert enno.

Arbeid rundt automatisering og kontroll med dei om lag 100 PCar som er nytta av lærarar og pedagogar er i innleiande fase. I dag er det mykje manuelt arbeid, og kontrollen med maskinen er mangelfull. Me ser då på tenester innanfor Azure som Intune og Pilot. Eksisterande lokal server for lærarar var full og vart utvida med meir lagringsplass. Nettverket vårt som har vore drifta som ei teneste av Atea, vart avslutta og me tok over drifta sjølv.

Me har denne hausten hatt utfordringar med tilgang til skrivar. Så vidt me kan forstå er desse utfordringane knytt til oppdateringar frå Microsoft. Me har i dag godt fungerande integrasjonar mellom HRM, skuleadministrativt system, lokalt AD og FEIDE. Office365 og oppsett/drift av PC har framleis manuelle driftsrutinar som ein søker å erstatta med automatiske rutinar.

Det var bytta datamaskiner for lærarane på Onarheim og for 8 av lærarane på Tysnes skule. Driftssituasjonen for dei om lag 330 chromebook-maskinene til elevar er god.

4.2.1.2 Onarheim skule

Skulen har 38 elevar (vår-21) og 34 elevar (haust21). Det siste skuleåret har det vore 4 lærarar tilsett, 2 av dei i redusert stilling grunna vidareutdanning.

I SFO på Onarheim har det vore 14 elevar som har hatt SFO tilbod. Her har me dobla bemanninga på ettermiddagstid.

Bygningsmassen på Onarheim skule har ein god standard og er godt tenleg for verksemda. Nå må det nemnast at grunna ei vasslekkasje var skulen utan bibliotek og skulekjøken heile året. Det var litt utfordrande, men det er no i orden. Grunna lågt elevtal i skulen, og høgt barnetal i barnehagen, har me for tida «lånt vekk» heile arealet som vart påbygd i samband med reform -97. Me har difor i sidan skuleåret 2019/2020 måtta teke i bruk det eine kunst & handverkrommet til klasserom. Dette er ein ok, men ikkje optimal løysing. Med 7.trinn tilbake ved skulen frå hausten 2020, og positive barnetal i bygda ser me for oss at me får trong for desse areala igjen om ikkje så altfor lang tid. Det blir difor viktig at planane kring ny barnehage på Onarheim held fram som planlagt. Me ser allereie at nye leilegheiter i «Onartun» og nytt byggjefelt i «Henningshagen» slår positivt ut på barnetalet i skulekrinsen. Uteområdet rundt skulen er framleis temmeleg begredeleg. Dette har vorte enda synlegare under pandemien, fordi me ikkje kan blanda kohortane. Elevane blir da i periodar tilvist til område der det er lite å aktivisera seg med. Me har ingen rom tilgjengelege viss me t.d har trong for å dela ei gruppe.

Personalet på Onarheim er fungerer godt i lag. Lærarane har god kompetanse, og er flinke til å hjelpa og støtta kvarandre. Lærarane på skulen har i fleire år hatt heile sin skuletid/fellestid bunde på skulen. I praksis er dei fleste lærarane på arbeidsplassen ein god del meir enn dette og.

Lærarane på Onarheim skule dekker fagkrinsen i barneskulen på ein god måte med unnatak av i engelskfaget. Når dei to lærarane som tek vidareutdanning er ferdige vår 2022 dekker me kompetansekravet for basisfaga i alle klassane.

4.2.1.3 Uggdal skule

Uggdal skule ønskjer å vera ein skule der alle kjenner seg trygge og trivst. Skulen skal vera eit inkluderande fellesskap med rom for alle og blikk for den einskilde. Det er viktig for oss å vera profesjonelle og i stadig utvikling. Uggdal skule skal vera synleg i lokalmiljøet og ha eit positivt omdøme.

Uggdal skule har ingen elevar som gjennomfører nasjonale prøver, likevel ønskjer me å nytta ein del tid til å førebu elevane på 4. trinn for desse prøvene. Dette året hadde skulane i Tysnes planar om å gjennomføra felles analysesamlingar i høve til nasjonale prøver. Desse ville gjeve oss ein meir nyansert og nøyaktig peikepinn på kva område me burde vektlagt meir. Desse samlingane kunne dessverre ikkje gjennomførast pga. smittevernsrestriksjonar. Elevane våre gjennomfører kvart år dei obligatoriske kartleggingsprøvene frå Udir. Desse prøvene gjev ei oversikt over elevar som ligg kring grensa for uro. Elevar som scorar lågt eller under gjennomsnittet, får tilbod om intensivopplæring. Me gjennomfører 5-6 intensivkurs med ulike fag/emne i løpet av eit normalt skuleår.

Uggdal skule tar gjerne i mot elevar i praksis frå både ungdomsskule og vidaregåande skule. Dette året har me hatt to praksiselevar og ein lærling.

Den digitale utviklinga går sin gang med chromebook til kvar elev og ulike lisensar til pedagogiske program og læremidlar. Me ser, imidlertid, at det er heilt nødvendig å ha fysiske lærebøker i tillegg. Dette året har me skifta ut dei fleste digitale tavlene våre med nye avanserte tavler. Desse er gode og funksjonelle. Me har planar om å skifta ut dei to siste gamle tavlene våre med nye i komande år.

Visma Flyt skule fungerer godt i høve til kommunikasjon med heimane og anna dokumentasjon. Dette året fekk me «Min skole Visma – ansatt». Då har kontaktlærarane og SFO-leiar denne appen på sine jobbtelefonar slik at kommunikasjonen med heimane går lettare og sikrere.

Ein av lærarane starta hausten 2021 på vidareutdanning i matematikk. I slutten av september gjennomførte ein av assistentane fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Hausten 2021 har skulen også fått tilført kompetanse i form av vernepleiar og barnevernspedagog, dette er eit forsøk der me har nytta ledige heimlar som assistent/fagarbeidar for å sjå om alternative fagkretsar kan medverka til betringar i skule- og læringsmiljø.

Mange av dei aktivitetane me pleier å gjera ved skulen, har me ikkje kunna gjennomføra grunna Covid. Mellom anna hadde skulen 50 års-jubileum i mars utan at me kunne gjera noko større ut av dette. Det blei heller ingen konsertar der me kunne invitera publikum. Derimot har me nytta dei høva me har hatt til aktivitetar utandørs som t.d. «Blåbærhaugen opp», friluftsvеke og BlimE-dans.

4.2.1.4 SFO

Begge skulane med småskuletrinn har tilbod om SFO fem dagar i veka. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn, og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Det er stort fokus fysisk aktivitet, og gymsal er mykje i bruk. Sosial trening er også ei viktig del av arbeidet på SFO, og det vert lagt til rette for mykje frileik blant elevane.

Det vart ope tilbod i SFO i vinterferie og haustferie. I vinterferien var det 6 barn som nytta seg av tilbodet på Uggdal skule. I haustferien vart det 13 totalt på ulike dagar. Det vart også ope i dei to fyrste vekene i august. I veke 31 vert det 5 barn som nytta seg av tilbodet, og i veke 32 vart det totalt 14 barn på ulike dagar.

Det var planer om å pusse opp gymsal og SFO på Uggdal i 2021, dette er vart utsett til 2022.

4.2.1.5 Tysnes skule

Tysnes skule har i dette året fortsatt hatt fokus på fagfornyninga. Me har jobba jamt med modular. I tillegg har me kartlagt kompetanse innen spesialpedagogikk, sett på de 10 faktorene og valgt oss ut følgende tema å jobbe med: Relevant kompetanseheving, mestringsorientert ledelse, der me trong å løfta oss og indre motivasjon og mestringsklima som vi ønskte å fortsatt halda god fokus på.

Me har i dette året og fått viktig kunnskap om leiing for kvalitet. Skuleoppfølging i regi av KS-konsulent med hovudfokus på fagfornyninga, der alle tilsette i skulane og har fått delta saman med Ingelin Burkeland på en planleggingsdag i august. På same kursdagen hadde me med PPT-leiar Jannecke Fjeldtvedt som hadde fokus på og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, saman med alle tilsette i skulane i Tysnes.

Me har hatt et felles foreldremøte med hovudvekt på sosiale medier, der politiet heldt foredrag.

Skulen har tatt i bruk nytt bygg og hadde opning for elevene 16.juni og offisiell opning 1.desember.

Dei tilsette har gjennomført krava til fortsatt å være Olweus skole med 5 samtalegrupper med dei tilsette og sosial kompetanse annankvar veke på alle trinn. Det er oppretta sju saker med undersøkingar knytt til barna sitt læringsmiljø, seks av desse er lukka. Det har vore gjennomført opplæring rettar knytt til skule-, elev- og læringsmiljø for alle tilsette, inkludert vaktmeistrane og reinhald.

Resultata for nasjonale prøver er varierende. For 5. trinn ligg resultata i matematikk på landsgjennomsnittet, mens resultata i norsk og engelsk ligg litt under. For 8. trinn ligg resultata godt under landsgjennomsnittet, mens det på 9. trinn ligg høgt over gjennomsnittet. Dei nasjonale prøvene vert grundig analysert og det vert sett inn tiltak for å betre resultata.

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleva meistring. Det er vert gjennomført årlege elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget. Elevundersøkinga viser at me ligg om lag på nasjonalt nivå på dei fleste områda. Det er viktig å ha fokus på dei tema som vert tatt opp i undersøkinga og jobba i lag med elevar og føresette for at elevane skal oppleva at skulemiljøet er trygt og godt, og for at kvar elev skal få nytta sitt faglege potensiale og utvikla seg. Me har jobba med å gjera elevane medvitne om kva som ligg i omgrepet medverknad, så dei har føresetnader for å vurdera i kva grad dei vert involverte. Dette må me jobba vidare med. Me opplever stadig at elevane er mindre redde for å gjera feil, og at dei er medvitne om at feil er noko dei kan læra av.

4.2.2 PPT

Tysnes kommune har eit samarbeid med Fitjar og Stord kommune om PP –tenester. Avtalen vart sett i drift frå 1. oktober 2018. Tysnes kommune har vore godt nøgd med samarbeidet med PPT. Me synes dei har høg fagleg kompetanse og er på tilbodssida for å dela denne. PPT har tidlegare invitert til ulike nettverkssamlingar på tvers av kommunar og skular og hatt kursrekkejer med ulike tema som autisme og språkvanskar. Dette har pedagogane våre opplevd som svært nyttige samlingar. Grunna koronasituasjonen har det dette året vore lite fellessamlingar, men dette ynskjer me å halda fram med så snart smittesituasjonen tilseier det.

PPT har hatt tilbod om systemarbeid i klassar med ulike utfordringar, der skulane opplever å ha fått god rettleiing. I tillegg har dei jobba med individsaker og sakkunnige vurderingar. På Uggdal skule er det i 2021 gjennomført systemretta arbeid på alle klassestega.

4.2.3 Logoped

Logopeden har jobba i 100% stilling, der 50% av stillinga var sett av til reint logopedarbeid og 10 % var sett av til Logos-testing og anna kartlegging.

24 barn hadde oppfølging av logoped gjennom vårhalvåret; 11 skulebarn og 13 barnehagebarn i alle dei fire barnehagane. Nokre periodevis, men dei fleste hadde jamn oppfølging gjennom våren. Enkelte barn hadde einetrening, men dei fleste var i små grupper. Treningsøktene var på om lag 30 min.

Hausthalvåret hadde 14 barn jamn oppfølging av logoped; 4 skulebarn og 10 barnehagebarn i dei fire barnehagane. 3 barn har delteke periodevis. Enkelte barn har hatt einetrening, men dei fleste var i små grupper. Treningsøktene var på ca 30 min.

Me har arbeidd med språkforståing, taletempo, artikulasjonstrening; t.d med s-, r-, l-, g-, k-, d- og t-lyd, samt lydar som forsvinn i komplekse konsonantsambindingar og uttale av heile ord. Nokre barn har fonologiske vanskar, andre treng trening i å byggje setningar, få riktig setningsstruktur, samt å bøye verb i fortid.

Logostesten blir nytta på elevar frå 2.-10.kl som har lese- og skrivevanskar, og gjev eit godt bilete på elevane sine styrkar og vanskar når det gjeld lesing og rettskriving. Testen blir brukt til å diagnostisere dysleksi.

4.2.4 Synspedagog

Det er mange barn som har små og store utfordringar med synet. Det er flott å sjå at synstrening kan hjelpe dei aller fleste. Mange får auka synsstyrke slik at dei slepp å bruke briller, og mange får auka lesefart og synsfunksjon.

Kartlegging av 28 6-åringar. Ein av desse har fått treningsopplegg. 7 av dei blir fylgt opp med ny kartlegging våren 2022, for å følgja med utviklinga.

Synspedagogen har hatt oppfølging med 8 barn som trenar heime. Ho har og hatt meir intensiv trening i ein periode med 9 barn som har tronge meir oppfølging.

I tillegg har me gjennomført eit prosjekt med klassetrening over 4 veker i begge 4. klassane med godt resultat. Det var lærarane som gjennomførte treninga.

Det har vore oppfølging av 25 barn som synspedagogen har fylgt med på synsutviklinga til.

I løpet av hausten har det vore kartlegging av 24 elevar i 4. klasse. Nokre av desse fekk treningsopplegg som 6 åringar, og det er flott å sjå at synet har halde seg bra etter treninga.

Det er blitt gjort oppfølgingskartlegging av 20 barn som har trena før, eller som har låge litt under krave til synsstyrke.

4.2.4 Blå skule

Den blå skule er eit pedagogisk opplegg me har grunn til å vera stolt over på Tysnes, her er året skildra med deira egne ord:

«Mannskap:

Dette året har det som vanleg vore eit særst godt og sjøsterkt mannskap ombord i sjarken. Det faste mannskapet er gutar frå 5kl til 9.kl. Dette er karar som ikkje er redd for å ta i eit tak. Dei vil klare seg svært bra i livet. Skulen derimot kan være litt strabasiøs, og skuleveka blir mykje lettare å gjennomføre med eit avbrekk.

Dagane med aktivitet har vore måndag, tysdag og torsdag. Forutan det faste mannskapet, mønstrar 8.klasse på to elevar kvar måndag, tysdagen er det 7.klasse som mønstrar på, og torsdagen har vore til 5.klasse og 6.klasse.

Denne blandinga av fast mannskap, og rullerande besøk, er svært positivt både fagleg og sosialt. Enkelte elevar har fått tilbod om fast dag i enkelte periodar av året når det har vore behov. Dette ser me er eit lurt og kjærkomen tilbod

Covid:

Har gitt oss litt utfordringar dette skuleåret. I periodane skulen har vore på gult nivå har me hatt reine grupper frå eitt klassetrinn. Det har fungert greitt, men ført til at nokon har fått litt lengre opphold mellom kvar gong dei har vore med. Me håpar at me ser slutten på problema, og blir på grønt nivå framover.

Aktivitetar:

Våren 2021 bygde me ny brygge for Wenche Straume på Erleholmen. Me reiv og brant opp den gamle, og bygde ny. Ny brygge var 17 kvadratmeter, festa i fjell med stolpesko. Eit flott sluttprodukt og naboèn vår var nøgd! Eit veldig kjekt og lærerikt prosjekt.

I haust har me starta elevbedrifta “EB Fiks og Fisk”, me er registrert i ungt entreprenørskap. Blå skule har mange av dei same elevane som er i denne bedrifta / faget på skulen. Det er derfor naturleg at me tek blå skule inn i bedrifta.




(Nokre av varane frå salsbordet på Ivyelly før jul.)

I haust har me utført litt maleoppdrag på Erleholmen, me har bygd eit halvtak på senen i samarbeid med Tysnesfest. Me har utført prosjektet, Tysnesfest og Kraftlaget har tatt seg av det økonomiske. Me vil nytte området til å tørke ved, medan Tysnesfest kan nytte det når dei arrangerer konsertar på øya.

Me held i skrivande stund på med ei flytebryggje for Audun Lekve, som har hytte i Godøysund, denne har me totalrestaurert, og han får rekning frå EB Fiks og Fisk.





I løpet av hausten fangstar me agnfisk til teinesesongen. Makrell og sild, pelagisk fisk, er det me får mest av. I år fekk me mykje krabbar og omkring 10 humrar. Desse sel me til kundar og noko av fangsten et me sjølv på øya. Minstemål på krabbar og humrar er 13cm og 25cm. Dette må sjølvsagt målast, slik at ein slepp ut igjen dei som er for små.

Om vinteren fisker me etter botnfisk. Torsk, hyse, breiflabb og lange er det som oftast kjem opp frå botnen. Fisken går til mat- og helseundervisninga, eller blir seld til kundar.



Plast i havet:

Kvar vår dei siste åra har me brukt 2 – 3 veker på plukke plast og maritimt boss i skjergarden rundt Solstråleøya. Som tidlegare år fant me mykje, og det resulterte i fire negerlass til Eredalen. Me rydda Fluøyane - austre og vestre Vesøy og vestsida av store Godøy.

Vaktmeister oppgaver: *i år som alle år veltar det trær på øya. Desse har me fjerna og gjort om til ved. Elevane er utruleg flinke til å hogge ved. Veden sel me i 60 liter sekker til 50kr sekken, og elevane reknar kor mykje dei har klart å pakke.*

Fliskutteren gjer greiner og småtrær om til flis som me legg på stiar. På sikt skal stiane bli mjuke og gode å gå på. Blad frå trea vert tatt vekk frå stiar og scene-området.

Daude tre og greiner som fell ned gjennom vinteren vert til store bål, og øya vert meir og meir ryddig.

Hønene våre:

Flokken med høner er på ti høner og ein hane. Me for mange egg som for det aller meste går til skulekjøkkenet. Elevbedrifta tilbyr av og til smørbrød med egg til dei tilsette på skulen.

Elevevane lærer seg å ta vare på, og stelle dyr. Dei må sørge for at dei har tilgang til reint vatn og mat. Mange er og glad i å kose og snakke med dei. Alle har og fått namn, om enn ikkje det same kvar dag ☺

**Mat.**

I år har det blitt lite variasjon i matrettane. Det er for det meste pannekaker på bål som har vore på menyen. Utanom tre rundar med stekt hanekylling. Å lage pannekaker fører til mykje læring, mengdemål, å følgje ei oppskrift, og lage eit bål som er brukande til å lage mat på. Til slutt et me ilag alle saman, og kokkane må ta imot skryt frå dei andre.

Fagleg:

Så langt det lar seg gjere trekk me skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.

Erleholmen

Er naboøya til Solstråle øya. Denne øya eig Wenche Strømme. Ho såg til hønene våre gjennom heile sommaren 2021, og i år har me hogd ved for ho. Dette samarbeidet set begge partar pris på. Elevane lærar seg å ta imot hjelp, og å hjelpe tilbake.

Sosialt:

Som tidlegare ser me at sosialisering i små grupper gjer positiv utvikling på elevane våre. Skulen prøver å halde på at dette skal være eit tilbod for alle elevane ved Tysnes skule.

*Kaptein
Blå skule
Terje Sløgedal »*

4.2.7 Vaksenopplæring

Elevtalet ved vaksenopplæringa i Tysnes kommune har gått gradvis ned då tidlegare elevar er ferdig med intro- programmet og er ferdig med nødvendig opplæring, samt at det ikkje er kome fleire flyktningar til Tysnes dei siste åra. Det har kome nokre få elevar innan kategorien familieinnvandring som har rett og plikt til norsk- og samfunnskunnskapsopplæring. På grunn av lite elevgrunnlag og svært sprikande opplæringsbehov har Tysnes kommune valt å kjøpa opplæringa frå Bjørnefjorden kommune. Dette fordi me vurderer det til at tilbodet for elevane vil bli betre og at ein då vil få raskare progresjon hos den enkelte. Vaksenopplæringstilbodet i Tysnes kommune har difor ikkje elevgrunnlag nok til å driftast slik som tidlegare. Det har difor ikkje vore nytta noko lærarstilling til denne opplæringa i 2021.

Skuleåret 2020/2021 var det 3 elevar som gjekk på norskopplæring i Bjørnefjorden kommune og 2 elevar gjekk andre året i eksamensretta 3-årig løp medan ein elev gjekk ut i fødselspermisjon frå det same utdanningsløpet til sommaren 2021 og startar opp igjen i undervising mars 2022.

4.2.8 Kulturskulen

Pr.1.10 2021 vart det gjeve tilbod om undervisning i følgjande fag: piano (21 elevar), gitar (12 elevar), bassgitar (1 elev), slagverk (5 elevar), song (2 elevar), messing (2 elevar) og teater (42 elevar). Det var og planar om å få i gang dans, men det har ennå ikkje lukkast å rekruttere ny danselærar.

Kulturskulen sel dirigent-timar til korps, og desse laga held eit godt nivå. Tysnes musikklag vann sin divisjon i den prestisjetunge Siddis Brass i november, Tysnes skulekorps vart nr. 2 i sin divisjon i NM.

Frå 20. november i meldingsåret har det vore gjeve gratistilod med teaterleik i barnehagane, her er det om lag 20 elevar delt på to barnehagar. Gruppeundervisning frå 20.november: I tillegg vert det gitt gruppeundervisning i korpsa med om lag 25 elevar

Kulturskulen nyttar til saman 6 lærarar i undervisninga. Tre korps kjøper dirigent/instruktør-tenester: Desse laga har om lag 80 medlemmar til saman Kulturskulen gjev også timar til Uggdal skule då innanfor kor og kornett.

Elevtalet har siste år gått opp frå 85 til 91 elevar! Dersom ein skulle telja med gruppeundervisninga i korpsa (slik ein gjorde førre år) ville talet bli om lag 116 elevar. Dette er det høgaste elevtalet på mange år.

Hausten 2021 har kommunen fått midlar til gratisundervisning i fag som ikkje er musikkfag. Dette vert då gitt som teaterleik i barnehagane, og planlagt brukt våren 2022 i teaterfag og snekkerverkstad. Dette gjev større breidde i tilbodet noko som er i samsvar med politiske føringar for verksemda.

Tilhøva i ny skule er betre enn før, og det er no kulturskuleaktivitet fleire ettermiddagar i veka.

Frametter er det viktig å finna ut av korleis ein skal kunna nytta nye lokale på best tenlege måte. Det vert arbeid vidare med å få etablert eit tilbod om dans i kulturskulen. Me held på med å implementera eit dataverktøy for kulturskulen, dette vil gje betre grunnlag for samhandling med brukarane, betre tilrettelagd informasjon om tilbodet og til slutt vil det avlasta ein del administrativt arbeid. . Nick Hughes har dette skuleåret nytta ressursar til å gjennomføra dette.

Tab 4.8: Elevar i kulturskolen	2017	2018	2019	2020	2021
Elevtal	91	55	52	85	91

4.2.7 Barnehagar

Barnehagane i Tysnes hadde tilsaman 168 barn i frå fødselsåra 2016, 2017, 2018, 2019 og 2020 per 15.12.2021.

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2017	2018	2019	2020	2020
Vågsmarka	25	29	28	28	28
Stjernereiso	61	68	67	67	61
Lunde	21	33	36	40	47
Onarheim	25	28	29	26	27
Totalt	136	158	160	161	163

Tysnes kommune har stort sett jamne fødselstal år for år, men innimellom kjem det variasjoner også på det. Blant anna ser me at fødseltalet i 2015, som var skulestartere i 2020 var 29 og 40 i 2016, som er skulestartere i 2022.

Onarheim barnehage (42 plassar). Onarheim barnehage har hatt eit stabilt år med tanke på personell. Her er pedagognorm dekkja, og det låg ikkje an til endringar som var kjent. Barnehagen har deltatt i ReKomp-prosjekt^v, dette vart avslutta i august 2021. Tilbakemeldingar frå partar i UH-

^v Regional kompetanseheving

sektoren er at det barnehagen har fått gjort i personalet knytt til samarbeid, miljø, nærvær og holdningar er formidable endringar, til det betre. Foreldresamarbeidet er bra, det vil alltid vere nokon som ikkje er nøgd, men dei tilsette jobbar bevisst med dette, og det viser resultat.

Vågsmarka barnehage (42 plassar) Vågsmarka barnehage er full, og det er stor søknad til denne barnehagen. Opptakskriteria våre seier me skal ta inn barn som søker seg til overflytta, deretter søsken, og såleis er det sjeldan plass til fleire ny søkjarar, desse får enten plass i Stjernereiso eller Lunde. Personalet er stabilt, det same er drifta. I samband med korona og kohort organisering har barnehagen prøvt ut ulike typar organisering, frå aldersblanda til reine små – og storebarns avdelingar. For så å gå tilbake til aldersblande i januar 2021. Barnehagen har som nemnt ei veldig god og stabil personalgruppe, som er eit resultat av jamnleg arbeid med miljøet. Barnehagen er prega av gode haldningar og eit godt arbeidsmiljø. Vågsmarka har vore den barnehagen som har romma fleste minoritsspråklige barn, noko som no er i ei endring. Det er fleire av familiane som kom som flyktningar, som no har flytta vidare.

Lunde barnehage (66 plassar)

Lunde barnehage har i store deler a dette året fått gjennomført ei større ombygging av «Storestova», gymsal og garderobedelen. No er Lunde barnehage ein stor barnehage med 3 avdelingar som kvar rommar 24 plasser. I byggeperioden leigde me Lunde Bedehus til å husa dei borna som til vanleg var i Storestova. Personalet som var der har uttrykt at det var som eit eventyr. Barna hadde veldig kjekke turområder like utanfor huset.

Bemanninga har vore stabil, og både pedagognorm og bemanningsnorm er innfridd.

Lunde barnehage aukar litt i barnetal gjennom året, dette på grunn av kontinuerlig opptak. Det er alltid kjekt med nye og fleire barn, men ein kan heller ikkje leggje skjul på at det er utfordrande å ha tilvenningar jamt og trutt, det gjere noko med kontinuiteten i det pedagogiske arbeider.

Stjernereiso barnehage (96 plassar) er den største barnehagen på Tysnes, her har me barn frå fleire bygder, og har ein trend kor foreldre ikkje nødvendigvis ynskjer overflytting til Våge når dei først har fått er begynt i Stjernereiso. Barnehagen var heilt full på våren, frå august 2021 har me noko ledig kapasitet. Dette er kortvarig då me har fleire barn som byrjar våren 2022. Bemanninga har vore stabil, og me har dekkja alle pedagogstillingane utan dispensasjonar. Drifta er god, og me gjere dei tilpasningane som er naudsynt for å drive ei stor verksemd med mange tilsette.

Nokre barnehagar (Vågsmarka og Lunde) har hatt eit overforbrukt som følge av utvida drifta. Lunde har hatt ei stor ombygging og utvida frå 60 plasser til 72 plasser. Mykje av utgiftene var lagt inn i prosjektet, men ikkje alt. Her har barnehagen kjøpt innbu som stoler og bord, og andre ting ein treng når ein skal ha fleire barn, på eige budsjett. Det same gjeld for Vågsmarka, her har det ikkje vore gjennomført eit prosjekt, men me

utvida frå 36 plassar til 42 i januar 2021. Dette var ikkje i budsjettet for året og såleis har Vågsmarka måtte kjøpe diverse innbu på eige budsjett. Vågsmarka har i tillegg barn med spesielle behov og eit stort enkeltvedtak. Dette var lagt inn i budsjett med omsyn til personell.

Alle barnehagane arbeider jamt og trutt med arbeidsmiljøet. Her er ulike fokusområde i dei ulike barnehagane, alt etter kva det er nødvendig å setje fokus på. Eit eksempel kan vere at ein barnehage må jobbe med kapittel 8- psykososialt barnehagemiljø, og ein anna med nærvær.

Foreldreundersøking

Tysnesbarnehagane gjennomfører årlig foreldreundersøking i regi av Utdanningsdirektoratet, dette skjer i nov-des. Denne undersøkinga er nasjonal og gjeld for alle barnehagar i landet, og vert gjennomført kvart år. I 2021 kom det inn 76 svar av 164 mulige. Det er ein svarprosent på 46,3 %. Det er det lågaste me har hatt på fleire år, og det er ein nedgang i alle barnehagane. Spesielt Vågsmarka barnehage har lav svarprosent. Det er usikkerhet rundt årsak, men ein tanke er vårt fokus, og arbeidet i forkant av denne undersøkinga. Her har me litt å jobbe med. Resultatet gir oss likevel noko å arbeide med internt i barnehagane. Resultata vert analysert i den enkelte barnehage, og tatt opp i SU.

Undersøkinga måler tilfredsheit langs ulike variablar der 5 er best og 1 er dårlegast. I 2021 har me i Tysnes kommune ein score på 4,4 mot 4,2, i 2020 og 4,3 i 2019. Dette seier oss at foreldre i stor grad ein nøgd sjølv om det er underpunkt som me kan arbeida vidare med, eit av dei er uteområde. Det andre viktige punktet er går på korleis foreldre opplever at barna trivast i barnehagane våre. Her scorar me også høgt, med 4,8 i 2021.

Rekomp:

Onarheim og Lunde barnehage har i denne perioden vore med i Regional Kompetanseheving (REKOMP) som er den nye måten å gjennomføre kompetanseheving ute i den enkelte barnehage. Begge barnehagane har hatt temaområde barnehagemiljø, med fokus på vaksenrolla. Onarheim avslutta i 2021, og kort ein kan lese ei kort oppsummering i Onarheim sin del lengre oppe i årsmeldinga.

Lunde er i sluttfasen no og melder dei har hatt god nytte av dette prosjektet til å få satt fokus på eit viktig tema, vaksenrolla.

Tilsyn:

Vågsmarka og Lunde barnehage har hatt tilsyn i 2021. Her er ikkje avdekka lovbrøt på dei paragrafane tilsynet gjekk på.



Barnehagane føl satsinga som samsvarar med planen «Saman for framtida»

Og for å nemne noko vil me trekkje fram arbeidet med sosialkompetanse og førebyggjande arbeid mot mobbing. Slik me ser det kan me ikkje «legge ned lista» for arbeidet med sosialkompetase, dette er eit dagleg arbeid som er viktig for å ruste barna til skulestart, og til å bli den beste utgåva av seg sjølv.

Språk er også eit arbeid me ikkje ser for å slutte med, Rammepanen for barnehage legg stor vekt på dette arbeidet.

Eit anna satsingsområde som har vort naturleg å ha, og ha framover er knytt til §§ 41- 43 i den nye barnehagelova som går på det psykososiale barnehagemiljøet. §41 seier noko om *nulltoleranse og førebyggjande arbeid*. § 42 *plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)*. Og § 43 som seier noko om *skjerpet aktivitetsplikt dersom en som jobbar i barnehagen, krenker eit barn*.

Dette kapittelet i lova vil det blir ført tilsyn på i åra framover.

Sofykos-planen er revidert, eit arbeid som har hår gått over lang tid, og i slutfasen av det arbeidet, med korona erfaringar med oss, vort det føreslått at denne planen vort fasa ut ved neste korsveg. Sosial kompetanse, fysisk aktivtett og kosthold er tydelig forankra i både barnehage og skule sin rammeplaner/ fagplaner.

Tysnes kommune har plan for overgangar både internt på skulane og mellom barnehage og skule, og skule til vidaregåande. Denne planen vort fokus i samarbeidet i gruppa barn og utdanning.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er eit arbeid som får på tvers i barnehagane og skulane, og me er knytt opp til PPT Fitjar, Tysnes og Stord i dette arbeidet. Her vil det vere ein del aktivitet framover i mange år.

BTI/BTS: Tysnes kommune har bestemt at me skal innføre ein modell som sikrar eit betre tverfagleg samarbeid for barn og unge. Her har prosjektgruppa gjort eit stort arbeid som framleis pågår. Me vil arbeida vidare med dette i 2022.

Også i år er det nødvendig å sei noko om stoda rundt covid-19, og først og fremst treng me løfte fram dei som jobbar i barnehagane, godt leia av styrarane. Dei tilsette har gjennom heile året vist og uttrykt forståing og pågangsmot knytt til situasjonen, det har vore eit stort arbeidspress på alle tilsette i kommunen, og kanskje spesielt dei som jobbar med folk, enten dei er små eller store, unge eller gamle. Her er store krav til drift og like store utfordringar med å til ei kvar tid ha nok folk til å utføre lovpålagte oppgåver. Me opplever lite klaging, og heller ein «me står i lag» kultur, «dette ordnar seg»- kultur. For styrarane har covid- 19 løyst ut mange andre oppgåver som må gjennomførast, det kan ha medført at andre arbeidsoppgåver må nedprioriterast.

For fakta og tal for kvar barnehage, kan ein sjå her:

<https://barnehagefakta.no/sok?q=tysnes>

4.2.8 Barn og familie

Eining barn og familie er samansett av tenestene; psykisk helse for born og unge, helsestasjonen- og skulehelsetenesta samt barneverntenesta. Årsmeldinga skildrar tenestene i høve områda økonomi, personal, målsetnadar og våre tenester for arbeidsåret 2021.

Eininga er etablert med felles leiing for dei tre tenesteområda, og ligg under ansvarsområdet til kommunalsjef for oppvekst.

Arbeidsåret 2021 har vore påverka av den pågåande covid 19 pandemien, men det har vist seg mogleg å levere gode tenester samt arbeide med utvikling og betring av tenestene i heile perioden.

4.2.8.1 Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon og skulehelsetjenesta har 2 1faste helsesjukepleiarstillingar. Helsesjukepleier i skulehelsetjenesta har permisjon fra 20% av stillinga si. Lislege/turnuslege på legekantoret er på helsestasjonen som helsestasjonslege kvar tysdag. Kommunen har fysioterapeut i 50 % fast stilling som er knytt til barn og unge.

Helsestasjonen følgjer opp barn frå 0-5 år. Oppfølginga består av faste konsultasjonar, og individuell oppfølging etter behov. Første møte er heimebesøk til nyfødte 7-10 dagar etter heimkomst. Alle barn/foreldre får tilbud om å bli fulgt opp kvar månad det første halve året. Først ved heimebesøk når de er nyfødte, deretter ved 6 veker, 3 mnd., 4 mnd., 5 mnd., og 6 mnd. Deretter ved 8 mnd. 10 mnd. 12 mnd. 15 mnd og 18 mnd. Helsestasjonslegen har helsekontroller på barn ved 6 veker, 6 mnd. 12 mnd og 2 år.

Videre får alle 2 åringer og 4 åringer innkalling til konsultasjon på helsestasjonen.

Enkelte barn og familier treng tettere oppfølging av ulike årsaker. Dette kan være sjukdom, ammeutfordringer, dårlig vektoppgang, urolige barn, søvnutfordringer, avvikende utvikling, samspelsvansker med videre.

Aktivitet	2020	2021
Heimebesøk av jordmor innan tre døgn	32,3 %	80,0 %
Heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde	90,3 %	84,0 %
Undersøkte gr.skule 1. trinn	123,9 %	101,5 %
Undersøkte ved 2 års alder	71,2 %	98,6 %
Undersøkte ved 4 års alder	42,9 %	160,0 %
Undersøkte 8. leveveke	119,4 %	100,0 %

2 års konsultasjonene og 4 års konsultasjonene blei satt på vent våren 2020 grunna. Covid-19. Derfor blei det gjennomførte mange 4 årskonsultasjoner i 2021. Forutan ordinære faste konsultasjonar har helsesjukepleiarar i skule- og helsestasjonstenesta hatt 792 oppfølgingstimar. Dette er eindel av det «usynlege» arbeidet som vert utført i denne tenesta.

Med utgangspunkt i nasjonale faglige retningslinjer for helsefremmande og førebyggande arbeid i skulehelsetenesta, er det laga plan for skulehelsetenesta ved Uggdal skule, Tysnes skule og Onarheim skule. Formålet er å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold og førebygge sjukdom og skade. Skulehelsetenesta har ikkje funne rom for å prioritera deltaking i skulen sitt arbeid med å planleggje tiltak på universelt-, gruppe og individnivå.

Forutan faste konsultasjonar har skulehelsetenesta hatt samtalegrupper med tema pubertetsutvikling ved Onarheim og Tysnes skule. Det er vidare gjennomført ulikt tverrfagleg arbeid mellom anna i samarbeid med kommunefysioterapeut. Det er også gjeve tilbod om foreldrerettleiing etter Cos-P medtodikk.

Helsestasjon for ungdom flytta inn i nye lokaler på Treffstaden i 2021, dette er eit stort løft for tenesta og inneber at tilbodet vert meir tilgjengeleg og relevant for brukarane. Den formelle opninga av ny helsestasjon for ungdom vart gjort 31. august 2021. Jordmor har hatt eit hovudansvar for oppfølging av tenesta. Helsestasjon for ungdom har hatt fast opningstid tysdager frå kl. 15:00 til 17:15, det er då helsesjukepleiar til stades kvar gong og i tillegg går lege og kommuepsykolog i rotasjon kvar anna veke. I 2023 vil me prioritera oppfølging av ungdomsrådet, det er planlagt deltaking på Helsestasjon for ungdom dagar i Oslo hausten 2022. Ordninga vil bli evaluert før sumarferien 2022.

Det er framleis trong for meir systemretta arbeid innanfor tenesta, dette arbeidet må prioriterast frametter. Det er i samband med dette også trong for å sjå på ressursituasjonen mellom skulehelsetenesta, helsestasjon og psykisk helsearbeidar.

4.2.8.2 Jordmor

Jordmortenesta i Tysnes kommune hadde sidan hausten 2020 vore utan jordmor. Ny jordmor starta i 100% stilling 1.mars 2021. Det har vore tydelig at dei gravide har vore utan jordmor ein periode, og jordmor har hatt travle dagar. Mange gravide har utfordringar i høve graviditeten sin, og treng difor ekstra oppfølging og omsorg. Av dei 25 kvinnene som har født på Tysnes i 2021, er det 1 som ikkje har vore i kontakt med jordmor før eller etter fødsel.

Svangerskapskonsultasjonar

<i>1.gangskonsultasjon hos jordmor/nyinnskrivne gravide:</i>	<i>33 stk</i>
<i>Svangerskap utan risiko (grøn fødande):</i>	<i>5 stk</i>
<i>Svangerskap med risiko (raud fødande):</i>	<i>28 stk</i>
<i>Konsultasjonar (inkl.førstegangsktr), frå 1/3-31/12:</i>	<i>238 stk</i>

Svangerskap med risiko kan vere behov for ekstra oppfølging med fysisk helse, psykisk helse, tidlegare hendingar i svangerskap og barseltid som treng ekstra oppfølging, svangerskapsdiabetes, overvekt, ammeutfordringar m.m.

Jordmor har opplæring frå Tidlig Inn-programmet, og har difor særskild fokus på rus, psykisk helse og vald i nære relasjonar. Ein opplever at mange har utfordringar innan psykisk helse. Jordmor tilbyr støttesamtalar og tilviser til andre instansar ved behov. Det kan vere til vaksen psykisk helseteneste eller førebyggjande tiltaksteam om ein ser at heile familien kan trenga oppfølging. Nokre gravide har allereie oppfølging av spesialisthelsetenesta innan psykisk helse.

Etter nasjonal faglege retningslinjer skal fødande verta tilbydd heimebesøk frå jordmor 1-3 dagar etter heimkomst. Mange er tilbake på sjukehuset for ekstra oppfølging, mellom anna barnelege eller bilirubin i serum. Difor vert det ofte først heimebesøk 3-5 dagar etter heimkomst om den nyfødte framleis får oppfølging av spesialisthelsetenesta. Ein sikrar at dei fleste elles får heimebesøk 1-3 dagar etter heimkomst.

<i>Fødslar i 2021:</i>	<i>25 stk</i>
<i>Heimebesøk av jordmor:</i>	<i>20 stk</i>
<i>Oppfølging på helsestasjon etter eige ynskje:</i>	<i>1 stk</i>
<i>Ikkje fått heimebesøk:</i>	<i>4 stk</i>

Om lag alle gravide i kommunen går til jordmor i Tysnes kommune.

Jordmor har også fokus på kvinnehelse og tilbyr samtalar og oppfølging til ulike utfordringar. Det kan vere samtalar i høve abort (spontan, provosert), seinabort, klagesaker til sjukehus, prevensjon. Det kan vere omfattande, med fleire samtalar og møter med ulike instansar til enklare kontrollar. Ein tilbyr også etterkontroll 8 veker etter fødsel med fokus på fysisk og psykisk helse etter fødsel, prevensjon og ved behov tilvising til spesialisthelseteneste. Jordmor føl også inn til sjukehus i ambulanse ved behov i kontortid.

<i>Etterkontroll etter fødsel:</i>	<i>7 stk</i>
<i>Kvinnehelsesaker:</i>	<i>8 stk</i>
<i>Ambulanseturar til Stord:</i>	<i>2 stk</i>

Jordmor vil fortsetje å tilby gravide svangerskapsomsorg, familiar og nyfødde heimebesøk og etterkontroll, samt kvinner i fertil alder kvinnehelse-tenester. Jordmor vil fortsetje arbeidet med fagutvikling og prosedyrearbeid i Compilo. Ein vil også tidlig 2022 oppdatere heimesida til jordmortenesta. Fokus vidare vil vere på kvinnehelse, ta celleprøvar og fjerne spiralar. Mål er også å kunne tilby innsetting av spiral, truleg i løpet av 2022.

4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge

Til eining for barn og familie ligg kommunepsykolog i 100 % stilling forutan psyksik helsearbeidar for barn og unge. Tilbodet må sjåast i samanheng med andre førebyggjande tenester for barn og unge.

Kommunepsykologen er knytt til eining for barn og familie, men skal også arbeide på tvers av avdelingsgrensene og sikra systematisk arbeid i skular og barnehagar og andre tenester.

I 2021 har kommunepsykologen mellom anna hatt ansvar for rettleiing av helsetenesta og kommunen elles. Stillinga har fylt rolla som koordinator for det førebyggjande helseteamet for barn og familie, og har også utarbeidd rutiner og retningsliner for arbeidet. Kommunepsykologen har også forprosjektleiar for prosjekt og utviklingsarbeid i kommunen, mellom anna i høve til prosjektet for Systematisk identifikasjon og oppfølging a sårbare bar. Kommunepsykologen og også fylgt opp arbeidet med å revidera kommunen sin plan for livskriser.

Innan psykisk helse har me også ein full stilling som psykisk helsearbeidar i kommunen, forutan denne stillinga har me i 2021 hatt to tilsette (eitt årsverk) som har vorte finansiert gjennom prosjektmidlar. Psykisk helsearbeidar har støttesamtaler med barn og unge, samarbeid med føresette og tilsette på skulane. Stillinga må vurderast saman med helsesjukepleiar til å vera ein viktig del av kommunen sitt skulehelsetilbod. Til stillinga ligg elles samarbeid med Bup, drift av Treffstaden for ungdom . I 2021 har det også vore gjennomført prosjekt i samarbeid med Frivilligsentralen.

4.2.8.4 Barnevern

Barneverntenesta i Tysnes kommune har i 2021 bestått av 4 årsverk, inkludert einingsleiar/barnevernleiar i 100% stilling, 2 sakshandsamarar, samt tiltaksarbeidar i 100 % stilling. I tillegg til eigne faste tilsette, består tenesta av barnevernsvakttjeneste som ein kjøper frå Bergen kommune.

Barneverntenesta har i hovudoppgåve å ivareta born mellom 0 og 23 år som på grunn av tilhøva i heimen, eller av andre årsaker har trong på hjelp frå barnevernet. Kommunen har i tillegg i oppgåve å arbeide førebyggjande jfr bvl. § 3-1, samt plikt til samarbeid med andre instansar jfr bvl § 3-2.

Tysnes barnevernteneste har som hovudmål;

«Tysnes barnevernteneste skal bidra til at barn har gode oppvekstvilkår. Me skal arbeide førebyggjande og setje inn riktige tiltak til rett tid for born under vårt ansvarsområde».

Tal på barn med tiltak i 2021							
	I løpet av året			På Slutten av året			
	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	
Tal barn	7	4	16	6	2	14	

Tal på meldingar og undersøkingar						
	Tal meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar i alt	Vedtak etter bvl.	Undersøkingar over 3 mnd
2021	26	10	16	16	17	1

Tabellane over syner talet på saker i Tysnes barnevernteneste for 2021. T

Det er ein oppgang frå 2020 i talet på meldingar, då talet var 21. Av kven som melder, er det verdt å merkje seg at ein for 2021 ikkje har ei einaste uromelding frå barnehagar i kommunen. Meldingar frå lege/sjukehus/helsevesen har auka markant, og utgjer nær halvparten av mottekne uromeldingar frå 2021.

Drifta for arbeidsåret 2021 har i periodar vore prega av tiltak og restriksjonar knytt til den pågåande pandemien, men barneverntenesta har heile tida vore å rekne som «samfunnskritisk funksjon», og har vore operative heile vegen. Både undersøkingar, tiltak og fosterbarn har fått den oppfølginga dei har rett på, dog har nokre besøk og kontaktpunkt blitt erstatta med digitale møter.

Utviklingsprosjektet «*Fagleg fellesskap på tvers av kommunegrensar*» som Tysnes barnevern driv saman med kommunane Austevoll og Kvinnherad, og som er dei del av læringsnettverket for barnevern i Vestland, har vore gjennom sitt andre utviklingsår under ein pandemi. Det har vore arrangert til saman 3 fagsamlingar knytt til prosjektet i 2021, med gode tilbakemeldingar og funn av utvikling i tenestene. Målet har vore å bli betre på analyse-vurdering – avgjerd knytt til ulike delar av sakshandsaminga, og i lys av nye krav som vil kome i ny bv lov i 2023, er dette eit viktig utviklingssteg i rett retning. Samarbeidet og tilfanget av kompetanse som prosjektet har gitt oss, gjer at me er betre budd til å møte krava i oppvekstreforma og den nye lova. Samarbeidet er tenkt vidareutvikla i 2022, og kommunane ser for seg å dreie prosjektet mot å utvikle breiare tilgang til tiltak for dei familiare som treng litt ekstra.

Hausten 2021 har vore prega av spaning knytt til politisk avgjerd om barneverntenesta skal halde fram lokalt eller gå inn i eit interkommunalt samarbeid med Sunnhordland interkommunale barnevern. I vedtak fatta i tenesteutvalet i august 2021, fekk rådmannen i oppgåve å gå i konkrete forhandlingar med Sib sikte på å bli ein del av Sunnhordland interkommunale barnevern. Endelig vedtak i saka vart fatta av kommunestyret 22.02.22 som avgjorde at kommunen skal halde fram med eiga lokal teneste, med ei styrking av 1 årsverk.

I tråd med lovendring frå 01.01.2021 om årleg tilstandsrapportering i barneverntenesta, vart det i august/september 2021 lagt fram tilstandsrapport for kommunestyret.

Nytt krav i barnevernlova frå 01.01.2022, seier at kommunestyret skal vedta ein plan for forebyggjande arbeid knytt til heile oppvekstfeltet i kommunen. Dette vert eit viktig arbeid for 2022, som ein ventar at barneverntenesta vert ein del av.

4.3 Helse og sosial

Helse- og sosial yt tenester innafor 4 einingar, helse, institusjon, open omsorg og NAV sosial, i tillegg til Frivilligsentralen. Frivilligsentralen har eiga årsmelding. I 2021 vart det skifte i leiinga av etaten då Hildur Heie takka av etter mange års tru teneste, Kristine Trane vart tilsett som ny kommunalsjef.

Drifta i 2021 har vore prega av pandemien og raske endringar. Mange av tiltaka knytt til pandemien har kravd tid og ressursar til planlegging, informasjonsarbeid, smittesporing, vaksinerings og rask omstilling. Ein liten organisasjon er sårbar med få tilsette på kvart fagfelt utan overlapping av kompetanse. Det er mange dyktige og fleksible tilsette i etaten som yt gode teneste på dei ulike tenesteområde, og som har trødd til når det er trong for det. I 2021 har det vore jobba med å sjå på rutinar og retningslinjer, og å få disse inn i det nye kvalitetssystemet Compilo. Me er ikkje heilt i mål enno, men det er positive forventningar knytt til dette arbeidet.

4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi, ergoterapi og psykisk helse. Kommuneoverlegen leiar den samla tenesta.

4.3.2.1 Psykisk helse

I psykisk helseteneste er det 2 årsverk, psykiatrisk sjukepleier, knytt til tenesta. Tenesta vart styrkt med 0,5 årsverk i 2021 noko som innebar at me oppretthaldt stillingsressursar som låg i prosjekt for rus og psykiatri. I tillegg er det ca. 0,5 årsverk og timeressursar knytt til brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret. Gjennom støtte frå Fylkesmannen og i samarbeid med NAV er det også 0,5 årsverk nytta til ein prosjektstilling innan rus og psykisk helse. Prosjektstillinga vart ved årslutt vedteke politisk, vidareført til fast stilling med 0,5 årsverk.

Psykisk helseteneste har grunna sjukemelding og stort press i tenesta også i 2021 måtta ta inn ekstra vikar i periodar, og ved aktivitetssenteret.

Tysnes kommune søkte på og fekk tilskot til midlar for 1,4 årsverk til mellombels styrking av eksisterande behandlingstilbod innan psykisk helse- og rusarbeid. Psykisk helseteneste for vaksne har midlertidig tilsette i 80% stilling + 20% stilling fram til januar 2023. Hovudtyngda av tiltaka skal styrke eksisterande lågterskeltilbod med tilgang til sosiale arenaer og meningsfylte aktiviteter. Formål for tiltaket er å kunna møte det akutte behovet for psykososial oppfølging av personar med etterverknader av sosial isolasjon og andre belastningar knytt til pandemisituasjonen.

Dei ekstra ressursane skal nyttast til:

1. Utvida tilbod på aktivitetssenteret og nye tilbod til andre grupper.
2. Redusere ventetid i psykisk helseteneste

2021 har som sist år vore prega av Corona- situasjonen. Ein opplev eit generelt stort arbeidspress i avdelinga, og med større krav til behandling i kommunen er det fleire som blir tilvist tenesta lokalt. Tilvisingar frå fastlege/lege, jordmor og helsestasjon aukar, og fleire tek sjølv kontakt med tenesta for milde- moderate symptom. Ressurssituasjonen vert opplevd som krevjande med utgangspunkt i dei forventningar som vert stilt til tenesta. I løpet av 2021 ser me framleis auka pågang og tett program for alle i tenesta i at ressursramma er auka opp tilsvarende 0,5 årsverk.

Kommunen har fått meir ansvar for pasientoppfølging og behandling. Terskelen for å få rett til hjelp i spesialisthelsetenesta er høg. Ved behov for døgnopphald får me oftare avslag eller det er lang ventetid. Kommunen har pr. i dag ikkje heildøgntilbod for denne pasientgruppa og tenesta er berre tilgjengeleg for brukaren på dagtid. Tilbod om tettare oppfølging gjennom døgnet blir løyst anten ved å nytta KAD-seng ved akutt behov for hjelp, eller kortidsopphald ved Tysnes omsorgssenter ein del brukarar får også oppfølging av heimesjukepleien. Dette tilbodet er ikkje alltid godt nok tilpassa brukargruppa. Eit døgntilbod vil kunna gje pasientane trygge rammer og god struktur i kvardagen. Det vil og kunna

førebyggje risiko for forverring av lidinga og gje tett oppfølging gjennom døgnet dersom det skulle vere behov for det. Eit bufellesskap med tilgjengeleg personell og med god kompetanse på psykiske lidingar vil vera ideellt.

Større krav og forventning til kommunen om tett oppfølging og behandling av pasientar gjer at me har måtta tileigna oss nye og effektive arbeidsformer. Det er mellom anna nytta kognitiv terapi i pasientforløp sidan psykisk helse har personale med vidareutdanning som kognitiv terapeut. I 50 % stilling er det tilsett psykiatrisk sjukepleier som også er familieterapeut og som har lang erfaring frå spesialisthelsetenesta. I løpet av hausten 2021 har me hatt tett samarbeid med psykomotorisk fysioterapeut. Me ser at dette samarbeidet gjev god og effektiv behandling for pasientar. I tillegg til dette har me i 2021 starta opp med psykisk helselunsj i regi av kommunepsykolog. Psykisk helselunsj er ein møteplass med tema psykisk helse. Det er personale frå helsestasjonen, jordmor, psykisk helsearbeider for barn og unge, psykisk helse for vaksne og fysioterapitenesta og kommunepsykolog. Me har mellom anna hatt work- shop med psykomotorisk fysioterapeut og case med familieterapeut. Psykisk helselunsj er blitt ein viktig møteplass for kompetanse med fokus på psykisk helse.

Psykisk helse har faste fagmøter 1 gong pr. veke. Overordna fagmøter med leiar er planlagt 1 gong pr. månad med fokus på fag og fagutvikling, kompetanseheving, endringar i lovverk og forskrifter. Psykisk helseteneste mottok rettleiing i gruppe frå kommunepsykolog 1 gong pr. månad. Fagleiar har eigen rettleiing 1 gong pr. månad frå kommunepsykolog.

Koronasituasjonen har gitt utfordringar med omsyn å få litt fagleg påfyll utanfor kommunen, nokre kurs og seminar er gjennomført elektronisk, men ein del er gått heilt ut. Me ser fram til at det igjen vert mogleg å orientera seg utover kommunen sine grenser! Me har eit godt samarbeid med Stord DPS der det vert gjennomført regelmessige samarbeidsmøter. Samarbeid med Stord DPS er framleis viktig for eit sterkare fagmiljø og eit nært samarbeid mellom pasient og fagpersonell.

Psykisk helseteneste driv dagsentertilbod ved aktivitetssenteret i Våge, to dagar per veke. Målet med tilbodet er å bryte isolasjon, auka livskvalitet og livsmeistring. Me har hatt 12 faste brukarar i løpet av 2021. Tilbodet har vore redusert ein periode grunna covid- 19.

Revidering av planverket for livskriseteamet har vore jobba med og ventar på å bli godkjent. Kriseteamet har i denne tida vorte aktivert ein gong.

Verdensdagen for psykisk helse vart ikkje markert i Tysneshallen 2021 grunna covid 19.

Som valdskoordinator har fagleiar for psykisk helse for vaksne deltatt på nettverkssamling i regi av krisesenteret. Krisesenteret er ikkje bygd for pandemi og opplevde å stå aleine i starten av pandemien. Det vil derfor vere viktig å sikre eit godt samarbeid og sikre gode løysingar. Det er ønskje om at kommunen får krisesenteret meir integrert i sitt planverk for beredskap. Det er tilrådd at kommunen har oppdatert planverk for sitt voldsarbeid forankra politisk og administrativt. Og det vil vere viktig at ein intensiverer voldsarbeidet til utsette grupper som eldre, personar med

psykiske lidningar, rusproblem og til mennesker med funksjonshemming. Kommunen bør nytta kompetansen ved krisesenteret til å vidareutvikle voldskompetansen i tenesteapparatet.

4.3.2.2 Legekontor

Legetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis, i motsetning til der ein har privatpraktiserande allmennlegar. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Det er tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av LIS1 lege.

Det har vore ein ustabil situasjon når det gjeld legetenesta av ulike årsaker i 2021, som har gjeve ei meir kostnadskrevjande teneste. Frå mars 2020 vart kommuneoverlegen teken ut av si fastlegeliste for å handtere smittesituasjonen, og vikar vart teken inn i staden. Kommuneoverlege har omsorgspermisjon i 60% av stillinga, og vi har inne vikar i resten av stillinga.

Det er 2,5 årsverk knytt til forkontor og laboratorieteneste ved legekontoret. Tysnes legekontor har 0,625 medarbeidar pr. lege, arbeidstakarorganisasjonane tilrår 0.9 årsverk pr. lege. Frå september -20 vart det teke inn ekstra ressurs på forkontoret tilsvarande ca 50 % stilling timevikar for å avhjelpe situasjonen, noko som har vore naudsynt gitt pandemien. Legedekning var også naudsynt å auke opp av same orsak, med fyrst 20 % og sidan 40 % vikar. Utgifter knytt til meirarbeid med testing, smittevern- utstyr til beredskapslager og vaksinearbeid har vore lagt til legekontoret. Det er estimert eit meirforbruk direkte knytt opp mot arbeidet med Covid tilsvarande om lag kr. 3,3 mill.

Tysnes omsorgssenter kjøper 20 % av ei kommunelegestilling til tilsynslegefunksjonen. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg. Legane ved Tysnes legekontor har ansvar for pasientar i kommunal akutt seng som er knytt til omsorgssenteret.

Tabell 4.20 Dekning lege	Tysnes					Kostragr. 5	Landet
	2017	2018	2019	2020	2021	2019	2019
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere,	13,7	13,7	13,9	13,7	16,3	15,3	12

4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre fastlegane pluss turnuskandidat deler på legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. I samband med ferieavvikling har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar mot eit alminneleg grunnlag på om lag 2 900. Tysnes kommune sel legevakttenster til Kvinnherad kommune, Ølve og Hatlestrand er i dag dekkja av vår legevakt.

Tysnes kommune kjøper service/telefonenester knytt til legevaktsentral i Sunnhordland Interkommunale legevakt. Dette gjev oss god oversikt og statistikk, og er ei kvalitetssikring av tenesta.

Eit stadig større innslag av digitale og IT baserte tenester gjer oss stadig meir sårbare, dette gjeld både i høve kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve til personvern og informasjonstryggleik. Det bør arbeidast vidare opp mot å finne ein balanse i høve risiko og sårbarhet i møte med desse utfordringane.

4.3.2.4 Fysioterapi

Fysioterapitenesta har hatt to pensjons-avgangar i første halvår 2021. Kommunefysioterapeut Anne Margrete Opdal i 100 % stilling og privat praktiserande fysioterapeut, Ingunn Langlo med 70 % driftstilskott gjekk av med pensjon. Endringane førte ikkje til større endringar i fysioterapitenesta og det vart vidareført ei ordning med 1,5 årsverk i fastlønspersone, og 1,9 årsverk med driftstilskott. Spesialfysioterapeut Nancie Luth-Hanssen gjekk over til 100 % stilling frå august 2021 som kommunefysioterapeut med fag- og driftsansvar. Det ble også tilsett fysioterapeut i 50 % stilling i oktober 2021, Ingrid Bergo Aarvik som skal arbeide med barnefysioterapi. Driftstilskottet ble gjort om til krav om kompetanse i psykomotorisk fysioterapi. Privatpraktiserande fysioterapeut Maria Cecilie Haaland overtok det i august 2021 og var då allereie i eit studieløp for denne kompetansen.

Fokuset det andre halvåret 2021 var opplæring til dei nye fysioterapeutane, og samhandling mellom private og kommunale fysioterapeutar. Mellom anna hadde samarbeidsutvalsmøtet, saman med kommuneergoterapeut utarbeida «Prioriteringsnøkkel for ergo- og fysioterapitenesta i Tysnes kommune». Målet med prioriteringsnøkkel, er å prioritere tilvisingar i tråd med gjeldande lov, retningslinjer, forskrifter, nasjonale og lokale føringar med vidare. Den er også for å sikre at alle i kommunen får eit likeverdig tilbod, og ikkje minst er det eit verktøy for å prioritere henvendingar og gi grunnlag for uttak av statistikk. Den var ferdigstilt og sendt til godkjenning slutten av 2021.

Det har også blitt satsa fagleg innan psykisk helsearbeid og barnefysioterapi. Kommunefysioterapeut har delteke i «Workshop om journalskriving og etikk for fysioterapeutar i psykisk helsearbeid» og gjennomført ein lokal workshop for kunnskapsdeling i psykomotorisk fysioterapi for anna fagpersonell. Fysioterapeut for barn og unge deltok på nettbasert introduksjonskurs for fysioterapeutar i arbeid med born og ungdom, og i tillegg til dette meldt seg på grunnkurs for fysioterapeutar i arbeid med barn og ungdom 0-18 år som ble utsatt til 2022. Kursdeltaking skal fremje eit meir heilskapleg perspektiv i fysioterapiarbeid i det kommunale tilbodet for helseoppfølging og styrke fagfelt innan barnefysioterapi.

Tidlegare førebyggjande gruppetilbod som «Hjartetraining» og «Trim i Peralio» vart gradvis teke opp att i samsvar med justeringar i smittevernstiltak som følgje av Covid. Det vart i tillegg utarbeida gruppebasert rehabilitering for heimebuande eldre hausten 2021;

Parkinsonsgruppe, KOLS gruppe og Eldregruppe. Denne gruppeoppfølginga, saman med individuell fysioterapioppfølging generer fysioterapi eigenandel. Kommunen oppretta avtale med HELFO for eigenandel ordning i 2018, noko som gjev inntekt etter takst.

Tab 4.19: Nøkkeltal fysioterapi	Tysnes					Kostra	Hordaland
	2018	2019	2020	2020	2021	gr. 5	2020
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,4	12,5	12,3	12,3	12,5	12,2	9,6

4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapitenesta består av ein ergoterapeut i 80% stilling.

Ergoterapeut arbeider med habilitering og rehabilitering, kartlegging av funksjon, tilrettelegging og førebygging. Vidare vert det gitt rettleiing i høve bustadendring, tekniske hjelpemiddel og ergonomiske tiltak. Eit av måla innan ergoterapi er å stimulere til aktivitet og deltaking. Ergoterapeut er med i tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, er kontaktperson til Nav hjelpemiddelsentral (HMS) og bindeledd til Tysnes Industri AS. Ergoterapeut bistår hjelpemiddelrekvirentar i Tysnes kommune med enklare hjelpemiddel, og samarbeider med HMS, NAV Bilsenter, synspedagogisk teneste m.fl. i ein skilde brukarsaker. Ergoterapeut har ansvar for å formidle kontakt mellom privatpraktiserande logoped og vaksne med behov for denne type teneste. Det har ikkje vore meldt behov for logopedteneste for vaksne i løpet av 2021.

Tysnes kommune har avtale med Tysnes industri ang mottak, levering, lagring og retur av hjelpemiddel, i tillegg til montering og enkle reparasjonar og tilpassingar. Samarbeidet med Tysnes industri er godt etablert og fungerer svært bra.

Ergoterapeut har jamt delteke på kortare webinar i regi av HMS eller hjelpemidelfirma. Det er ikkje gjennomført andre kompetansehevande tiltak, men det er eit ønske om å få hospitere i andre kommunar for erfaringsutveksling.

Februar 2020 vart det vedtatt av kommunestyret at det skal årleg bli tilbod om førebyggjande heimebesøk til dei som fyller 77 år. Det er eit samarbeid mellom brannsjef, avdelingssjukepleiar i open omsorg og ergoterapeut. Det blei ikkje gjennomført førebyggjande heimebesøk til årets

77-åringar på grunn av stort arbeidstrykk i open omsorg. Me ser at det er trong for å justera dette tilbodet litt i samsvar med dei tilbakemeldingar me fekk frå brukargruppa i 2020.

Fysioterapitenesta har oppretta gruppebasert rehabilitering for personar som har parkinsonsjukom. Ergoterapeut har bidrege i denne gruppa som støtteperson for dei som har trong for tett oppfølging. Dette har fungert bra, og deltakarane og pårørande set pris på tilbodet.

4.3.3 Pleie- og omsorg

Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg institusjon, open omsorg og tenester for funksjonshemma.

4.3.3.1 Institusjon

Rekneskapen syner at drifta dette året samsvarar om lag med budsjetterte midlar, med eit meirforbruk på 0,6 mill. Dette er ei forbetring i høve til førre året. Me har framleis fokus på nøktern bruk av lønsmidlar, men har også dette året hatt utfordringar i samband med pandemien. Dette har påverka både personellbehov og inntekter frå brukarbetaling.

Tysnes omsorgssenter har også gjennom dette året vore prega av Covid-19 pandemien i høg grad. Me erfarte å få utbrot, og tiltak for å handtere og førebygge utbrot gjennom kohortorganisering sette store krav til oss. Det medverka og til tap av brukarbetaling. ØHD tilbodet genererer ingen inntekt, sidan me ikkje kan ta vederlag. Håpet for 2022 er at drifta gradvis går attende i normal modus, og at budsjett og rekneskap samsvarar betre i det nye året.

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore varierende gjennom året. Me ser, slik det også er nasjonalt, at det er utfordrande med ny rekruttering. Både mindre helgeavløysarstillingar og store stillingsheimlar er krevjande å fylle med kompetent personell. Me arbeider aktivt for å legge til rette for at tilsette utan formell kompetanse, får praksis fram til fagbrev. I løpet av året som gjekk, fekk me på denne måten to nye helsefagarbeidarar og to nye fagarbeidarar innan reinhaldsfaget.

Me har framleis ein solid stab av «kjernetilsette» i verksemda, og stabile tilhøve på leiarsida. Tilsynslegetenesta er god og stabil. Institusjonen har 8 timar pr veke til denne funksjonen. Fysioterapitenesta er god og stabil.

Ein del permisjonar, vikariat og vakante helger gjer at det framleis er naudsynt med bruk av innleidde vikarar. Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde me rundt 10 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er litt høgare, ser me at me oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane. Prosjekt 100%, auka grunnbemanning har førebels ikkje ført oss nærare målet om berre egne tilsette.

ØHD tilbodet pålegg oss å ha sjukepleiar på vakt heile døgeret, dette tilbodet har variabel bruk.

Arbeidsmiljø

- Sjukefråveret gjennom året var **7,38 %** Det er om lag det same som førre året, då det var 7,69% og godt under gjennomsnitt for vår sektor.
- Det arbeidast systematisk med HMT i verksemda.

All samlingsbasert opplæring har vore avgrensa etter mars 2020. E- læring og samlingar på Teams har erstatta noko av dette.

- 3 tilsette i program for tilrettelagt praksis med mål om fagbrev.
- 2 tilsette har fullført fagbrev, helsefag.
- 1 tilsett har fullført fagbrev, reinhaldsfag
- Alle tilsette tilgong til NHI e- læringsportal
- Alle tilsette tilgong til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskapsbase for helsetenesta.
- Gjennomført 2 internkurs vha egne tilsette. Tema Aldring og tema palliativ behandling.
- Delteke i fagdagar og lunsjundervisning v/ ØHD nettverk Helse Fonna

Tenestekvalitet

- Me arbeider systematisk med internkontroll og kvalitetsutvikling, og har ein innarbeida kultur for avviksregistrering og revisjon av rutinar.
- Tilbakemeldingar frå brukarane er jamt over gode, og me har som mål å ha god dialog med dei me skal yte tenester til.

- Det er valt 2 bebuarrepresentantar, og det vert kalla inn til møte med desse om lag kvar 3 månad.
- Det vart arrangert møte for bebuarar og pårørande 04.10.21, kor det var høve til å koma med innspel til drifta og tilbodet. Om lag 10 personar møtte.
- Sjølv om smittevern-omsyn har avgrensa høve til store forsamlingar, har det vore organisert mange kulturtilbod for bebuarane. Takka vere frivillig arbeid, har dette ført til mange lyspunkt.
- Dagtilbod for personar med demens har gått med normal drift heile året.
- Praktiseringa vår av besøksrestriksjonar har vore så omsynsfull som me har kunna ut frå retningsliner og smittesituasjon.
- Me har framleis noko utfordringar med bygget og utstyret. Dette vert det arbeidd kontinuerleg med. Særleg varme og ventilasjon, heisdrift og dør system har vist seg vanskeleg å få tilfredstillande.
- Øyeblikkelig Hjelp Døgntilbod. Tilbodet var i bruk til saman 71 døger. Dette er ein liten nedgang frå førre året, då det var 81 døger.

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarleg teneste, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Tenesta skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt.

2021 vart nok eit driftsår i unntakstilstand, og me har ein arbeidsstokk som har stått på, og synt seg i stand til å møte kriser og nye krav på ein god måte.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med heimetenesta, fysio- og ergoterapitenesta og legesida, nyttar me korttidsplassane til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg framleis som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møta utfordringane.

4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorg sitt brukargrunnlag er omlag 180 brukarar i heimesjukepleie og heimehjelp. Dette er ei lita auke frå i fjor (170 brukarar). Me har ansvar for drift av 65 tryggleiksalarmar. Me ytt teneste til alle aldersgrupper, men har størst brukargrunnlag av eldre. Primæroppgåva er naudsynt helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at brukarane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Gjennom året har me sett at brukarane som kjem frå sjukehusa og ut frå omsorgssenteret har eit større hjelpebehov, meir samansette problemstillingar og krev meir fagkompetanse. Det er og ofte eitt ynskje frå brukarane å få vere i eigen heim. Brukarane har ein høg alder og auka redusert eigenomsorgsevne slik at det i periodar har vore naudsynt å styrkja talet på tilsette, då særleg på helg. Me ser også at behovet for ei styrking av seinvakt vil bli naudsynt om brukargruppa aukar ytterlegare.

2021 har også bore preg av at samfunnet framleis er i ein pandemi. Smittevern-tiltak har vore følgt heile året og bruk av smittevern-utstyr har vore ein del av kvardagen. Tilgang på utstyr har gjennom året ikkje vore eit problem.

Rekneskapen syner at drifta dette året overstig budsjetterte midlar med om lag 800 000,- . Opplæring av avdelingssjukepleiar, vakante stillingar og ein del langvarig fråvær i større stillingar som kan forklare noko av dette. Me har også hatt kreftkoordinator på vidareutdanning. I forsøket på å redusere vikarar frå byrå, auka overtidsbruken på fast tilsette. Denne belastninga på dei fast tilsette førte igjen til ein del kortvarige fråvær. For å ha ei forsvarleg og helsefremjande drift, har me sett oss nøydt til å ha kontinuerleg vikarar frå byrå.

Me ser at det vil bli naudsynt å auka grunnbemanninga for heimetenesta for å kunne gje forsvarlege tenester i heimen i åra som kjem. Som skildra i nasjonale retningsliner (Leve Hele livet, Demensplan 2025 etc.) er også kompetanseheving og innføring av velferdsteknologi virkemidlar som er viktige for å ivareta trygge og gode tenester i heimen i åra som kjem. Tydelege føringar og forventningar til kva oppgåver Open omsorg skal ivareta og ikkje, vil bidra til rett ressursbruk ved økt trykk på tenesta.

Me har gjennom 2021 hatt fleire tilsette ute i ulike permisjonar og rekruttering inn i vikarstillingar har vore utfordrande. Fagleiarstillinga blei omgjort til avdelingssjukepleiar frå 01.03.21.

Det har vist seg å vera utfordrande med lokal rekruttering i tenesta, både i faste stillingar og ved sjukefråvær og me har sett oss nøydt til å nytta oss av vikarbyrå gjennom heile året for å kunne gje forsvarleg helsehjelp.

- Sjukefråveret gjennom året var 12,43 for heimesjukepleie og 10,73 for heimehjelp- tenesta. Me set dette i samanheng med fråvær i store stillingar og høg belastning over tid.
- Det arbeidast systematisk med HMT i verksemda.

Kompetaseutvikling for 2021 -prioritert:

- Kreftkoordinator tek vidareutdanning palliasjon, oppstart hausten 2021
- 1 sjukepleiar tek vidareutdanning i pedagogikk
- 1 helsefagarbeidar tek studieretningsfag, oppstart hausten 2021
- 2 sjukepleiarstudentar har vært i praksis hos oss.
- 10-faktor oppstart
- Alle tilsette tilgang til NHI e- læringsportal
- Alle tilsette tilgang til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskapsbase for helsetenesta.

Prosjekt og utvikling

Open omsorg er med i prosjekt 100 % auka grunnbemanning, saman med omsorgssenteret. Prosjektet hadde lite framgang i 2021, men me lukkast med oppstart kalenderplan desember 2021.

I prosjektet då har me fått auka 30% på følgjande:

- 90% sjukepleiar til 100%
- 80% sjukepleiar til 100%

I tillegg har me i prosessen omprioritert % frå vakante stillingar og fått auka følgjande:

- 75% heimehjelp til 100%
- 90% helsefagarbeidar heimehjelp/heimesjukepleie til 100%
- 80% helsefagarbeidar heimehjelp/heimesjukepleie til 100%
- 80% Assistent under utdanning heimehjelp/heimesjukepleie til 93,7%
- 60% helsefagarbeidar til 80%
- 50% helsefagarbeidar til 65%

Tenesta ynskjer å auke kunnskap om demens og planlegg oppstart Demensomsorgas ABC i løpet av året. Me ser også at meir kunnskap og målretta arbeid mot meir bruk av velferdsteknologi vil vera eit viktig prioriteringsfelt på effektivisering og utvikling.

Kreftkoordinator

Therece Aga har 20 % stilling som kreftkoordinator. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod og krev ikkje vedtak. Helse Fonna og Helse Bergen har kontakt informasjon og tilviser pasientar. Pasientar tek også kontakt sjølv, dei kan finne informasjon på kommunen sine nettsider. Det har i 2021 vore kontakt med 5 pasientar og deira pårørande. Kontakten er i form av samtalar, råd og rettleiing og vurdering av hjelpebehov. I nokre tilfelle har det vore planlagt og tilrettelagt for heimedød. Tala frå kreftforeninga syner at Tysnes kommune i 2020 hadde 9 kvinner og 21 menn med nyoppdaga kreftdiagnose. I 2023 rulles «Pakkeforløp heim» for pasientar med kreft ut i alle landets kommunar. Samhandlingsmøter og fagutvikling har vore redusert og utsatt også dette året grunna situasjonen med covid -19.

Omsorg pluss

Bustader tilknytt Tysnes omsorgssenter er atterhalde for dei med høgast tenestebehov i open omsorg. Kriterier for tildeling vert gjort etter lokal forskrift, av 13.06.17: «Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Tysnes kommune». Desse bustadene vert drifta etter konsept for Omsorg pluss.

Trygde- og omsorgsbustader

Alle trygde- og omsorgsbustader me har til disposisjon er anten utleigd eller under renovering gjennom 2021, og det er lite å tilby nye søkjarar.

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap og dagsenter.

Haugen bufellesskap

Haugen Bufellesskap har ansvar for 5 bebuarar (4 bebuarar etter april) i ulike aldersgrupper og oppfølging av 1 tenestemottakar utanfor bufellesskapet. 4 av tenestemottakarane har tett oppfølging m/tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Me har 1 vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet. Ein av tenestemottakarane blei meir pleietrengande og vart akutt sjuk og døydde i april. Ein leilegheit vart pussa opp og ein tenestemottakar som budde i omsorgsbustad fekk flytte inn i bufellesskapet. Det gjer det lettare for personale og samarbeide og ha tilsyn hos tenestemottakar. Fellesarealet og personalkontoret er blitt puss opp, noko som er med på å skape trivsel på arbeidsplassen.

Me har lenge jobba med å få på plass langvakter kvar fjerde helg, då dette er noko dei tilsette har hatt eit ynskje om. Me fekk på plass alle planar og fekk godkjenning frå fagforbundet og FO, 1. mars starta me opp med 12 vekers turnus der 8 tilsette jobbar 13 timars vakter kvar fjerde helg, og 12 tilsette jobbar dag/kveld kvar tredje helg. Me ynskjer å ta i bruk langvakter for å redusere tal teneste-ytarar som er hos tenestemottakar. Tenestemottakar vil få ein meir heilhet i dagen sin og slepp oppbrot ved vaktskifte. Dei er friare til å reise på tur og delta på aktiviteter, treng ikkje være avhengig i å være tilbake i bustad til vaktskifte. Tenesteytar har heile dagen til å utføre arbeidsoppgåvene og kan planlegge dagen i lag med tenestemottakar, ut i frå tenestemottakar sin interesse og dagsform.

Personale og kompetanse

2021 har det vært mykje fråvær grunna karantenetid, luftvegssymptom og testing, fråværet har i periodar vært svært høgt. Me har hatt problem med å dekke inn alt fråværet då det kjem i tillegg til permisjonar, vikariat og vakante stillingar som skal dekkes inn. Me har i periodar fått nytta personale frå Vågsmarka og dagsenter. To tilsett har gått av med pensjon, me rekrutterer helsefagarbeider i den eine stillinga. Ein tilsett vart ferdig med vidareutdanning innan miljøarbeid i tenester for menneske med utviklingshemming. Tre tilsette tok teori innan helsefagarbeider.

Det har blitt gjennomført elektroniske kurs frå NHI-læringsportal, med blant anna korona, legemiddelhandsaming, førebygging av tvang og makt ved utviklingshemming. Alle tilsette tilgang til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskapsbase for helsetenesta. Me hadde eit internt kurs om tvang og makt som to vernepleiarar planla og fekk haldt for begge bufellesskapa og dagsenter. 10-faktor undersøkinga blei gjennomført og me starta arbeidet med innføring av kvalitetssystemet. Me har fagteam ca 3 gangar i månaden, der me diskuterer ulike etiske spørsmål og problemstillingar hos tenestemottakarane.

Frå Mai 2021 vart det gjort ein reduksjon i stillingar ettersom det vart ein mindre tenestemottakar, og det er p.t. tilknytt 13,7 årsverk til eininga.

Dagsenteret

Dagsenteret er organisatorisk knytt til bustadane på Haugen. Det er p.t. 3,18 årsverk knytt til tenesta, fordelt på 5 tilsette, der det er ein 50 % stilling som fagleiar. Dagsenteret har tilbod til 9 personar. Det er dagsenteret i lag med 3 tenestemottakarar som held drift i Maka kafé gjennom året.

Me har eit tett samarbeid mellom bufellesskapa og dagsenter, det gjer det lettare å fordele ressursane der behova er. Det har vore noko langtidsfråvær og noko permisjonar som følgje av at hovudverneombod og hovudtillitsvald i Fagforbundet er tilknytt arbeidsplassen. Nokre av tenestemottakarane er blitt eldre, eller har fått sjukdommar, som gjer at dei ikkje nyttar dag tilbodet på same måte som før. Det har ført til att me må tenke nye løysingar og være meir fleksibel i forhold til kva dagsform dei er i.

Det har vore diskusjon rundt lokalet som dagsenteret leiger, det vart meldt inn som dårleg eigna lokale for personar med funksjonsnedsetting mellom anna grunna tilkomst med heis, dårleg utforma toalettfasilitetar, manglande uteområde og manglande vedlikehald av lokalet. Det har vore to samarbeidsmøter med utleigar og diverse vedlikehald har blitt gjennomført.

Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap gjev tenester til 4 bebuarar. Hjelpet behovet er varierende og omfattar miljøarbeid, tilrettelegging og praktisk bistand til personleg hygiene, påkledning og måltider. Ein viktig del av vårt arbeid er å leggje til rette og oppretthalde sosiale forhold, aktivitetar og liknande, som til dømes fritidsklubb, dagsenter, friluftsliv.

Nokre av bebuarane er blitt meir pleietrengande, og treng såleis meir oppfølging i stell og somatiske tilstandar. Me har eit godt samarbeid med open omsorg. Det er viktig for oss, då me ikkje har sjukepleiefagleg kompetanse tilgjengelig på bustad. Såleis har me kunna ivarett bebuarane i heimen sin. Me har også eit tett og godt samarbeid med Haugen bufellesskap og Dagsenteret. Der me har nytta kompetanse og arbeidskraft på tvers.

Me har eit tvangsvedtak, der ein må følgje opp dei krava sett av Statsforvalteren. I høve dette får me også bistand frå seksjon for Habilitering i Helse Fonna. Me har hatt møter over Teams der covid har satt stopper for fysiske treff. Me har to tenestemottakarar som har tett oppfølging av ulike tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande.

I februar 2021 gjekk Vågsmarka gjennom ein omstillingingsprosess i høve stillingar på natt. Me gjekk bort frå seks kvilande nattevakter, tre 35 % -og tre 50 % stillingar, til tre vakne 64% stillingar. Denne sprang ut frå eit endra hjelpebehov på natt, og prosessen vart gjort i godt samarbeid mellom personaleininga i kommunen, arbeidstakarane, leiinga og fagorganisasjonane.

Arbeidet kring Covid har vore stort også i 2021. Me har jobba aktivt for å hindre smitte. Etterkvart har kvardagen vorte litt meir tilnærma normalen med klubbar, fritidsaktivitetar, og fysiske møter. Dette var godt for alle.

Me har mykje god fagkompetanse i Vågsmarka, og me ser fram til at ein får kvalitetssystemet Compilo på plass. Det er ein utfordring å rekruttere arbeidstakarar til helgestillingar. Me er heldige og har mange flinke vikarar som dekkjer opp ved fråvær. Dette har vore viktig i periodar der fråværet har auka.

Vågsmarka bufellesskap vart bygd i 1991, og er såleis eit bygg der det trengs vedlikehald og oppgradering. Den eine bustaden vart totalrenovert i 2018. I 2020 blei det meldt inn behov for nytt kjøkken i ein bustad. Dette arbeidet skulle utførast i 2021, men er no satt til våren 2022. Personalet har sjølv teke på seg små oppgraderingsjobbar, som t.d. maling. Det var i 2021 elleve årsverk til eininga, eit mindre enn i 2020

Brukarstyrt personleg assistent

Me har to brukarar som har tenesta organisert som Bpa (brukarstyrt personleg assistanse), og har valt Uloba som leverandør.

Utover dette vert det også gjeve tilbod om støttekontakt, avlastning, omsorgsstønad.

4.3.4 NAV og flyktingtenesta

Kjerneoppgåvene i NAV/Flyktingtenesta er økonomisk sosialhjelp, økonomisk rettleiing, gjennomføring av kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt, mellombels bustad, startlån, bustønad og tilskott og oppfølging av rusklientar, introduksjonsprogram, busetting og integrering av flyktingar.

NAV har hatt eit annleis år i 2021 som i 2020. Me har nytta statleg arbeidsmarknadstiltak til aktivitetsplikt. Aktivitetstilbodet har vore fleksibelt grunna pandemien der ein har kunna delteke digitalt. NAV har gode digitale løysingar som gjer oss tilgjengelege for dei som treng oss. Dette sparar både brukar og oss reisetid. I tillegg har me framleis stort fokus på å vera tilgjengelege for dei som ikkje er digitale. Om hausten arrangerte me jobbcafe for arbeidssøklarar der dei fekk tilbod om hjelp til jobbsøking.

Me har fokus på å redusera barnefattigdom. Pandemien gjor at fleire familiar fekk redusert inntekt i 2020 då mange mista tilknytning til arbeidslivet. Det kom ein auke i utbetaling av sosialhjelp i 2020 som direkte resultat av dette. Denne trenden snudde i 2021 takka vera ein god arbeidsmarknad og gode ordningar for mellom anna bustøtte og dagpengar som kompenserer noko av inntektstapet. For NAV er det viktigaste middelet mot fattigdom å få arbeidssøkjande stønadsmottakarar i arbeid, og å vurdera barnefamiljar spesielt. NAV Tysnes har eit godt samarbeid med lokalt arbeidsliv som gjev gode moglegheiter for inkludering i arbeidslivet.

For 2021 har NAV og Flyktingtenesta hatt fokus på å drifte programmet og følgje opp dei flyktingane som er busett i kommunen. Saman med Frivilligsentralen arrangerte Flyktingtenesta gratis sommarleir for born i aldersgruppa 6 – 12 år. Fem ungdommar fekk sommarjobb for å hjelpe til med leiren. Borna fekk vera med på ulike aktivitetar som bowling og tur til Kjevikjo i ein periode på to veker. Til saman 18 born var med på leien. Flyktingtenesta vart avvikla i slutten av 2021 og flyktingane som har trong for bistand får dette gjennom NAV og dei tilsette der vidare. NAV har no 2,8 kommunalt tilsette.

For 2022 har NAV som mål at særskilt arbeidsretta hjelp skal rettast mot heilt ledige, og personar med nedsett arbeidsevne under 30 år, flyktingar og tidleg avklaring for personar med nedsett arbeidsevne. Ein vil gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for, og ivareta dei vanskelegast stilte. I dette ligg spesielt barnefamiljar.

Arbeidsløysa har normalisert seg etter pandemien, men mange har stått lenge utan arbeid. Av dei totalt 937 arbeidssøkarane som er tilmeldt NAV Sunnhordland i februar stod kring ein fjerdedel av desse også registrert i forkant av mars 2020. Prognosen til NAV viser at det vil vere ein minkande grad av samsvar mellom tilbodet i ledige stillingar og kompetansen til dei arbeidsledige. Me er heilt avhengig av å spele på lag med arbeidsgjevarane i regionen vår. Saman kan me sikre at så mange som råd har den kompetansen som vert etterspurt. Me har allereie fått gode samarbeid med næringslivet i regionen vår, med omsyn til akkurat dette, og vil truleg trenge å starte fleire i tida som kjem. Me vil ha eit mål om å redusere stønadslengd på sosialhjelp, og sette føremålstenleg kvalifisering og/eller aktivitet som vilkår for sosialhjelp. Vidare vil me ha fokus på heilskaplege tenester innan rus/psykiatri og førebygging av dette.

4.3.5 Frivilligsentralen

Tysnes Frivilligsentral lager eiga årsmelding som vert lagt fram for møte i formannskapet 25.03.21. Det er gjort eit svært godt arbeid innanfor denne tenesta og me oppmodar om å lesa meldinga i sin heilskap

4.4 Landbruk og teknisk

Budsjettkapitleg er delt i tre einingar; ei eining for brann, ei for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

4.4.1 Eining for forvaltning

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk. Bjørnefjorden Landbrukskontor er felles for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.

vart handsama 80 politiske saker i meldingsåret.

<i>Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming</i>	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<i>Utval for landbruk/ Teknisk</i>	91	105	144	117	103	80	92

Utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Tabellen angjev alle type saker som har vore handsama politisk innan eining for forvaltning sitt ansvarsområde.

4.4.1.1 Byggjesak

Avdelinga har i 2021 vore prega av fråvær knytt til lovfesta permisjon og sjukdom. Me har i meldingsåret nytta nyleg inngått rammeavtale om handsaming av byggjesaker noko meir enn planlagt, dette betyr at fråværet ha latt seg løysa utan at me har fått ei opphoping av saksmengd. Produksjonen har vore god og me har i tillegg til handsama saker fått rydda godt opp i gamle saker.

Forutan politsike saker vert ein del saker også handsama å delegasjon, tabellen under angjev saker som er handsama etter plan- og bygningsloven og forureiningsforskrifta. For saker handsama etter anna lovverk slik som til dømes jordlova og skoglov vert det vist til andre programområder.

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2021
Total saksmengd	248	280	296	280	289	324	254	248	277
Delegasjonssaker	96	160	207	189	184	218	117	145	185

I 2021 vart det registrert inn 208 nye saker, av desse er 31 under handsaming 89 saker har fått vedtak og 81 saker er endeleg avslutta, 7 av sakene vart trekt. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har vore innanfor frist for dei ulike sakstypene, dette betyr likevel ikkje at alle saker er innanfor frist. Tabellen under viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid for nokre sakstypar:

Tabell 4.4.3: Gjennomsnittleg handsamingstid	2020	2021
Saker med 3 vekers frist	15 dagar	17 dagar
Saker med 12 vekers frist	76 dagar	64 dagar
Saker med 8 vekers frist	-	25 dagar
Saker med 6 vekers frist	-	31 dagar

4.4.1.2 Kart og oppmåling

Drifta av kart og oppmålingsavdelinga i stor grad vore gjennomført på vanleg måte i 2021. Oppmålingsforretningar vart halde i tråd med gjeldande retningslinjer for avstandskrav og kun ein forretning måtte utsetjast / forskyvast til ny dato. Deler av kontorarbeidet vart utført på heimekontor.

Til tross for COVID 19 situasjonen vart omløpsfotografering (Prosjekt LACHVL05) gjennomført i tråd med planen i Geovekstavtalen. Nye fotodata vart levert i løpet av 2021.

Det vart også starta eit nytt prosjekt om historiske ortofoto (Prosjekt LACHVL06). Denne gangen er det flyfoto frå rund 1980 som skal skannast, georeferast og gjørast tilgjengelig.

Det vart vanleg vedlikehald og ajourføring av FKB-data gjennomført av dei ansatte i Kart og oppmålinga. Hovudsaklig i datasett for bygningar, veg og tiltak.

Kommunen sliter fortsatt med å få inn «as-built» data frå oppførte byggverk og «melding om bygning unnateke søknadsplikt» samt «søknad om ferdigattest». Dette fører til forsinka ajourføring av byggbasen og matrikkeldata. Det vart gjennomført eit synfaringsprosjekt frå eigedomsskatteavdeling i 2020, som gir mange nyttige data til ajourføring av kartet. Arbeidet er fylgt opp gjennom relativt store ajourføringar i matrikkelen i 2021.

Tabell 4.4.3: Oppmålingssaker	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rekvirerte saker	40	74	66	52	41	54
Fullførte saker	63	63	72	63	47	55
Trend samla saksmengde	-23	+11	-6	-11	-6	-1

Største delen av saker var arealoverføringer (18) og oppretting av nye eigedommar (16). Det vart også gjennomført grensejusteringar (2), samanslåingar (6), samt oppretting av eigarseksjoner (3). Resten var andre saker som matrikulering, nymerking, klarlegging, m.m. (10).

Adressering og skilting:

Det ligg fortsatt nokre adressenamn hos stadnamntenesta for godkjenning. Dette gjeld hovudsakelig områdenamn med o-endingar. Her er kommunestyre sitt vedtak om bruk av o-endingar oversendt Språkrådet

4.4.1.3 Landbruk

Tysnes kommune samarbeider med kommunane Bjørnafjorden og Samnanger om interkommunalt landbrukskontor. Samarbeidet fungerer i all hovudssak bra, me ser at det er litt utfodringar knytt til ein del forvaltningsmessige og interne linjer, medan tilbakemelding frå brukarane er god.

Kontoret har i 2021 vore prega av ein del sjukefråver, turnover og vanskar knytt til rektruttering. Det vert arbeidd med å gå gjennom strukturen og oppgåvene i kontoret for å sikra godt samsvar mellom forventningar og leveranse.

Me har ei stor oppgåve i å handsame søknadar for tildeling av midlar frå landbruksoppgjeret, og skal både være hjelparar og rådgjevarar og dele ut midlar og kontrollere at midlane vert delt ut riktig. Å både vere hjelpar og kontrollør kan vere vanskeleg og etisk utfordrande, men tilbakemeldingane tyder på at vi klarer å skilje mellom oppgåvene på ein tydeleg og god måte.

4.4.2 Eining for brann og redning

I samband med ei organisasjonsendring i 2020 vart brann og redning igjeu skilt ut som ei eigen eining. Eininga vert leia av brannsjefen.

4.4.2.1 Brann og redningsteneste

Arbeidet med ny brannordning vart fullført og godkjent i kommunestyret i 2020. Dette er eit viktig og godt dokument som peikar ut retninga for Tysnes brann og redning både for beredskap og forebyggjande arbeid i åra som kjem. Samarbeidet i Vest brann og redningsregion held fra, her opplever ein økt samhandling mellom dei ulike fagutvalga innan beredskap , forebyggjande og naudmeldetenesta. Eit av fokusa er samhandling for å auke evna til å handtere større hendingar som dreg ut i tid. Dette er viktig for oss som eit lite brannvesen , me har kapasitet og kompetanse til å handtere dei fleste mindre hendingar som husbrannar og trafikkulukker, men har behov for samarbeid og tilførte ressursar og kompetanse ved større hendingar. Samøvingar med andre naudetat er sett på vent i samband med smittesituasjonen.

Budsjettet for 2021 overskride med omlag kr. 390`. Bakgrunnen for dette er samansatt, men kan nemne nokre hovudtrekk. Helsekontrollar for brannmannskap og bedriftshelestenesta blei ein større utgiftspost enn me såg for oss i budsjettet, likeins krevde auka beredskapsgodtgjersle og utgifter til øving, vakt, kurs og utrykningar meir enn det som var budsjettert. Elles har det vore ein viss auke i uforutsette reparasjonar, auke i kontigentar og straumutgifter. Tilsetjing av to nye mannskap kravde og investering i kler og utstyr. Målet om å levere tenesta vår innanfor budsjettrammene vart såleis ikkje nådd i 2021. Som for resten av organisasjonen vil 2022 bli prega av innsparingar. For brannvesenet sin del kjem dette til syne ved at det ikkje vert gjort nye investeringar i utstyr utover ny tankbil som vart overført frå 2021. Budsjett fokuset i 2022 vil bli til vedlikehald av utstyr og «investering» i kompetanse og den viktigaste ressursen me har – den einskilde brannkonstabel i form av gode øvingar, kurs, fysisk trening og god informasjonsflyt.

Rammene for beredskapen og det forebyggjande arbeidet regulert av lovverk og gjeldande brannordning. I mars 2022 vil forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenen bli erstatta av forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann og redningsvesen og nødmeldesentralane (brann og redningsvesenforskriften). Mykje av den gamle forskrifta er vidareført, men det er og nokre punkt som set nye krav til brannvesenet. Det som vil ha størst konsekvens i høve til økonomi og mannskap er kravet om at alle brannvesen skal vere omfatta av overordna vaktordning. Pr i dag har Tysnes brann og redning ein utrykningsleiar på vakt og overordna vakt vil kome i tillegg til denne. Me er i dialog med Vest Brann og Redning (VBR) og andre brannvesen for å sjå på moglege fellesløysningar. Dette vil uansett innebere ein ny kostnad som ikkje er teke med i budsjett for 2022. Når rettleiar til forskrifta er klar og me har drøfta alternativa vil brannsjefen koma med ei tilråding.

Brannordningen set krav til at Tysnes brann og redning skal ha 20 mannskap inkludert brannsjef. I 2021 var me 19 stk inkludert brannsjef. Det vart tilsett to nye mannskap i beredskapsstyrken i 2021 og eitt mannskap slutta. For 2022 ser me at styrken vert redusert med ytterligare eit mannskap som følgje av naturleg avgang. Dette gjer at me har behov for tre nyttilsetjingar i 2022 for å oppfylle krav i brannordningen. To mannskap fullførte grunnkurs i 2021, utanom planlagte øvingar har det vore gjennomført tre nedbrenningsøvingar og utsjekk av utstyr for overflateredning. Brannsjef fullførte ELS kurs (leiing trinn E) hausten 2021. For 2022 og dei næraste åra frametter har me behov for fem stk på grunnkurs og minst 2 stk på utrykningsleiar kurs. Dersom me skal løysa overbefalsvaktordning i eigen regi vil det krevje ytterligare kursing. I løpet av 2022 vil VBR arrangera skogbrannkurs der Tysnes brann og redning vil stille med to stk. Elles vert det jobba med eit felles kurssystem for personell i VBR.

2021 var året Tysnes brann og redning for alvor tok i bruk VBR-CIM som «internkontrollsystem» og informasjonsplattform. Nokre mannskap har gjort eit godt stykke arbeid med tilpasse denne til vår bruk. Dette vert eit svært godt verktøy for å sikra informasjonsflyt, dokumentasjon og avvikshandtering. VBR-CIM vil saman med gode øvingar, felles treningar og medarbeidarsamtalar vera gode verktøy for å skape eit godt samhald og arbeidsmiljø i eininga. Gjennom samarbeidet i VBR er Tysnes brann og redning omfatta av ein felles avtale med senter for krisepsykologi for oppfølging etter hendingar ved behov. I dette landskapet vert det også arbeidd me kursing av utvalgte mannskap i eige brannvesen for å gjera dei rusta til å ta del i ein kollegastøtteordning.

Målet til Tysnes brann og redning er å levera tenester i samsvar med lovverk, brannordning og risikobilde i kommunen. Brannvesenet skal vere ein trygg arbeidsplass og det skal vere ein arbeidsplass der den einskilde trives og er motivert for arbeidet. Planen frametter er å gjere den enkelte arbeidstakar kompetent, trygg og motivert

Gjennom VBR samarbeidet har Tysnes brann og redning inngått ein avtale om operativ hjelp og leiarstøtte ved større hendingar.

Forutan dei tradisjonelle oppgåvene til brannvesenet har me i dei seinare åra blitt pålagt nokre nye oppgåver som overflateredning, plivo og ytterlegare krav til planar og dokumentasjon, sistnemnde både på beredskap og forebyggjande.

Forebyggjande bør vere eit satsingsområde i åra som kjem, det er tross alt viktigaste å hindre at brann og uønska hendingar oppstår. Ein har eit godt samarbeid i vbr, men her bør me og sjå på mogleheita for å få eit lite fagmiljø på Tysnes. Ei løysing frametter kan vere å ha feietensta i eigen regi, tittelen feier er gått ut og vert no erstatta av brannforebyggjar. Ein kombinasjon med brannforebyggjar og brannsjef som går tilsyn i

bustad, særskilte objekt og utfører feing vil skape eit godt grunnlag for gode tenester på det forebyggjande området. Me vil og vera betre rusta til å utføre informasjons og motivasjonstiltak i kommunen med ei slik løysing.

Det er ei markant utvikling av næring og aktivitet på austsida av kommunen, når ein ser dette i lys av planar om E39 som vil gå over Reksteren bør Tysnes brann og redning/Tysnes kommune vera «framme i skorna» og byggje ei god teneste som speglar risikobildet og evner og handtere framtida i eigen regi.

Tabellen under viser utrykningar i meldingsåret:

4.4.2.2 Drift og vedlikehald

Til drift og vedlikehald ligg vedlikehald og reinhald av kommunale bygg, vegar, avløp og kyrkjegardar. Frå og med 2020 er også vassforsyning teke inn som ei fast oppgåve.

Kommunale bygg

Også året 2021 har vore prega av Covid-19 pandemien. Fokus på reinhald av kommunale bygg blei ein viktig faktor for å sikra eit godt smittevern. Reinholdsavdelinga har arbeidd kontinuerleg med dette. Driftsavdelinga stod for alt det praktiske arbeidet.

Hausten 2021 var mellomtrinnet i Våge ferdig. Her vart det ein del logistikkarbeid med å flytte tilbake utstyr og inventar. Drifting av eit nytt bygg er både spanande og utfordrande.

Hausten 2021 kunne Mestringshusene feira eitt års drift i den gamle sjukeheimen, dei fleste oppgåvene knytt til ombyggina er løyst. Det som står att er nokre utfordringar med tilstrekkeleg plass for parkering. Ein levegg skal setjast opp for å skjerma mot innsyn.

Drift og vedlikehald bygg fekk ein ekstra bevilgning på 1,5 mill. til opprusting av kommunale bustader. Dette er nytta til oppgradering av fleire bustader i Haugen bufellesskap og fleire omsorgsbustader. Tysnes kommune har i all hovudssak god standard på bustadane me leiger ut.

Veg

Tysnes kommune har ca. 60 km kommunale vegar der ca. 53 km er asfaltert.

Veg har også i 2021 hatt ekstra midlar til asfaltering av veg, kr 7 mill. To grusveier er asfaltert, Myrdal og Haukafær. Anbudsgrunnlag og utlysing av konkurranse for vegljøs er gjennomført. Vegen opp til Solheimsdalen (svingen ved det gamle skulehuset) har blitt utbetra. Ny traktor med utstyr har komme på plass. Dette vil gjere arbeidsdagane tryggare og meir effektive.

Det vert arbeidd mot slutten av året inngått ny rammeavtale for maskintenester slik som grøftereinsk og anna vegarbeid.

Hovudplan for veg vart vedteke i 2021 og vil gje eit godt grunnlag for å prioritera arbeidet i tida frametter.

Avlaup

Tysnes kommune har 6 pumpestasjoner, 8 større slamavskiljarar og 2 bio-reanseanlegg.

Avdeling avløp har hatt ein gjennomgang av dei gamle pumpestasjonane og fått oppgradert avlesing og styringskomponentar som fører til meir stabil og driftssikker handtering av avløp. Ein har også hatt eit godt arbeid med kartlegging (digitalt) av nye og gamle plasseringar av avløpsrør.

Vassforsyning

Frå om med 2020 har Tysnes kommune overteke ansvar for vassforsyning frå Uggdal Vasslag SA og Tysnes Vassverk SA. I samband med overtakinga overtok kommunen også Tysnes Vassdrift AS, personell er verksemdsoverført.

Vassdrift har jobba med oppgradering og fornying av vasskummer i Tysnesbygda og i Uggdal. I 2021 har me førebudd investeringar både ved Tysnes og Uggdal reinseanlegg. Planer om nytt høgdebasseng i Våge, og moglegheit til tapping av vatn frå vasskjelda (Vågstjørna) til fylling av branntank-bilen eller andre som har trong for større mengde vatn. Dette vil føre til at ein ikkje bruker rensa vatn til slike føremål. Kartlegging (digitalt) av kummer og vassleidningar har vore prioritert.

Det er lagt opp til at det skal utarbeidast ny hovudplan for vatn i 2022.

Kyrkjegardar

I 2021 var det 25 gravferder og 5 urne-nedsettingar. Det har vore utført førefallande vedlikehald på klokketårn, bårehus, gjerde og porter. Sommarsesongen er prega av slått på dei 10 kyrkjegardane. Fagarbeidar har fått positive tilbakemeldingar frå besøkjande på gravplassane

5. AVSLUTNING

Då har me vore gjennom årsmeldinga for 2021. Meldinga skal gje eit bilete av drifta og rammene rundt drifta som gjer kommunestyre i stand til å føre kontroll med den aktiviteten dei har vedteke for året. Det er alltid noko me kunne nytta meir tid og plass til, men det er vanskeleg å samanfatta drifta for ein så stor og kompleks organisasjon utan å også ha ein tanke for omfanget av meldinga.

Me har von om at meldinga også i år har vore ei god lesing!

Til kommunesstyret i Tysnes kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 10.316.901 i kommunekassen, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 10.316.901. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2021, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2021, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne dato i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysnes kommune som økonomisk eining per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne dato i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Tysnes kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

